




*Dette bildet er fra Torbjørn Larsson-Fedde's bok om "Fedas seilskipsflåte på alle hav".
Boken forventes å komme ut til høsten.*

KVINESDAL HISTORIELAG

ÅRSSKRIFT 2007

Kvinesdal Historielag



ÅRSSKRIFT 2007 - 22. ÅRGANG

Kvinesdal Historielag

stiftet 1984

Redaktør: Svein Jortveit

Styret i laget etter årsmøtet 9. mars 2006:

Kenneth Trælandshei, leder

Tor Mygland, nestleder

Ruth Eliasdatter Meland, sekretær

Anne-Berit Erfjord, kasserer


Ingvald Tjørnhom

Alf Jerstad

Turid Stakkeland

Kari Bruli, varamedlem

Ragnhild Høydal, varamedlem



Lagets adresse:

4480 Kvinesdal

Telefoner:

Leder: 38 35 25 00

Kasserer: 38 35 01 34 eller e-post erfjor@online.no

www.kvinesdalhistorielag.no

Kontingent for 2007 er kr.100,-

Medlemstallet pr.1.1.2007 var 945

Laget har for salg:

Årsskriftene fra 1986 til 2000 er utsolgte. Kr. 50,- pr. hefte.

For medlemmer er heftet med i kontingenten.

Vi kan levere kopi av artikler fra de utsolgte heftene.

Bøker:

Ludvig Daae: *En Krønike fra Kvinesdal*. Nyutgivelse 1999 av boka fra 1894. Pris kr.150,-

Lars Emanuel Egeland: *Krigsårene i Kvinesdal*, utgitt 1995. Pris: kr. 240,-

Gabriel Villumsen Fede: *Fra det gamle Kvin. Bidrag til Fede Herreds Historie*. Nedsatt kr. 30,-

Navneregister til bygdebøkene Kvinesdal 1 og 2. Alle navn fra begge bøkene er registrert av Harald Aamodt og Helga Aamodt Nielsen.

Pris: kr. 150,-

Mange bekker små... Kulturminner langs Kvinavassdraget 2004.

Av Anne-Berit Erfjord, Johannes Hamre og Harald Aamodt. 417 sider, 550 bilder og 35 kart. Pris: kr. 350,-

T-skjorter med logo. Pris kr. 80,-

Trykk: Hegland Trykkeri as, 4400 Flekkefjord

Opplag: 1450

ISSN: 0802-9113

Redaktørens side

Dette årsskriftet er det 22. som blir utgitt av Kvinesdal Historielag. Stofftilgangen er fortsatt meget god – så god at flere av artiklene må "ligge over" til neste års utgave. Alle våre bidragsytere fortjener en stor takk, men det er likevel en, Anstein Dyrli Lohndal, som jeg vil framheve. Det begynte i 1989 med hans artikkel "Noko om allmugeskulestellet i Kvinesdal i perioden 1742 – 1820". I årets hefte skriver han om "På realskolen under andre verdenskrigen". Dette "tidsbilete" er den 17. artikkelen han har bidratt med. Det er stort for ei redaksjonsnemnd og et historielag å ha en slik dyktig historiker som skribent.

Medlemstallet fortsetter å øke, og høsten 2006 passerte det 900. Selv om stadig flere deltar på lagets møter og turer, er årsskriftet for mange kontaktpunktet til Kvinesdal Historielag.

Et historielagsskrift kan forsterke identiteten til bygda vi bor i – føre kunnskaper og tradisjoner videre til nye generasjoner, og det kan utløse et fortellerbehov som folk sitter inne med.

Takk til lokale annonsører som alltid støtter Kvinesdal Historielag. Også i år vil vi takke Jens Urdal ved Hegland Trykkeri for tilrettelegging og redigering.

Redaksjonsnemnda har bestått av: Helga Narvestad, Lars Emanuel Egeland, Harald Aamodt, Johannes Hamre og Svein Jortveit.

For nemnda
Svein Jortveit
Redaktør

Innhold

Redaktørens side	2
Årsmelding for Kvinesdal Historielag 2006	4
Regnskap for Kvinesdal Historielag 2006	6
Aktiviteter i Kvinesdal Historielag i 2006	7
Planlagte aktiviteter i Kvinesdal Historielag i 2007	11
Mange bekker små.....	12
En annen historie	13
Om en tur for å finne røttene i Kvinesdal	19
Ei hildrande oppleving	24
Familien Samuelsen i Norge og USA	35
Bestemor mi og landbrukspolitikken	41
Dikt av Randi Hjemlestad	48
Sørlandets gymnas og realskole	49
Ungdomstid i Kvinesdal	69
Storflaumen 1929	75
Dikt av Svanhild Londal Lervik	92
Trine Hunsbedt	93
«På høge hei ein dag eg stod»	99
På realskolen under andre verdenskrigen	103
Denne familien bodde på Naudeneset i 1890-årene	131
Avisutklipp 1814	135
Fra skoleidrett til fri-idrett	136
Åmot Sementstøperi	144
Dikt av Gunnuf Eiesland	155
Visekleiva	156
Medlemmer i Kvinesdal Historielag	177

Årsmelding for Kvinesdal Historielag 2006

Styret har i 2006 bestått av:

Leder:	Kenneth Trælandshei
Nestleder:	Tor Mygland
Sekretær:	Ruth Eliasdatter Meland
Kasserer:	Anne-Berit Erfjord
Styremedlemmer:	Turid Stakkeland, Ingvald Tjørnholm og Alf Jerstad
Varamedlemmer:	Kari Bruli og Ragnhild Høydal
Redaktør:	Svein Jortveit
Red.nemnd:	Harald Aamodt, Helga Narvestad, Johannes Hamre og Lars Emanuel Egeland
Revisor	Hans Inge Eriksen
Valgnemnd	Tor Tjørnholm og Torhild Jakobsen

Det er i 2006 avholdt åtte styremøter.

I tillegg til årsmøtet, har vi hatt to medlemsmøter.

Første medlemsmøtet var på Øye skole med Egil Johan Ree som kåsør. Det andre møtet var førjulsmøtet på Kvinesdal videregående skole med Elsa Sprossa Rønnevig som kåsør. Wenche Hunsbedt Svindland og Oddbjørn Stakkeland stod for det musikalske. Det var godt fremmøte på begge kveldene.

Vi har hatt to buss/båtturer til Ørdsalen og til Ryfylke. Utenlandsturen gikk til Roma med Turid Omland som reiseleder og var svært vellykket.

Vi fikk i høst pusset opp noen gamle gravminner på Feda kirkegård. Dette er flotte gamle gravminner som nå blir tatt vare på for ettertiden.

Boken om seilskutetiden fra Feda er under arbeid. Den vil komme ut i løpet av året. Det er Torbjørn Larsson-Fedde som har skrevet den. Johannes Hamre, Alf Jerstad og Anne Tokassen er med i denne komiteen.

På bygdekvalden i desember fikk Trine og Rolf Terje Klungland bygningsvernprisen for 2006. Eiendommen ligger på nedre Feda og er blitt restaurert på en flott måte.

Vi vil prøve å få til en utenlandstur til USA i oktober. Alv Egeland og Johannes Risnes vil være med som reiseledere.

Ellers viser vi til aktivitetslista over det som har skjedd i 2006.

Vi får stadig nye medlemmer og ved årsskiftet var vi 945 medlemmer som er 62 flere enn i fjor.

Jeg takker styret og redaksjonen for det arbeidet de legger ned i laget.

Kvinesdal, januar 2007

For styret
Kenneth Trælandshei
leder

DBS HONDA Jonsrud

«DEI BOLLI SELE»

KVINESDAL
SYKKEL  SERVICE AS

Åmot Næringsområde
4480 Kvinesdal
Tlf. 38 35 17 00



RAFOSS HOTELL

4480 Kvinesdal Sentrum - Tlf. 38 35 03 88

Regnskap for Kvinesdal Historielag 2006

UTGIFTER:	(tilsv. tall 2005)	
Årsskrift	66.606,23	58.216,50
Møter og turer	47.036,10	40.542,67
Annonser	5.371,00	6.062,75
Porto / kontorutgifter	11.580,50	13.084,11
Kontingent Landslaget, m.fl.	3.886,00	3.221,00
Utgifter til heimeside	4.259,75	4.458,00
Utgifter vedr. seilskuteboka	1.660,00	
Landsmøte Landslaget for lokalhist 3 pers.		18.801,00
Tilskudd Mållaget		2.000,00
Tilskudd trimavslutning	1.000,00	2.000,00
Oppussing gravminner Feda	12.000,00	
Kjøpt kamera	5.735,00	
Revisjon	500,00	500,00
Diverse	780,00	703,00
	160.414,58	149.589,03

INNTEKTER:		
Medlemskontingenter	95.025,10	88.872,97
Inntekter av møter og turer	25.280,00	20.370,00
Salg av årsskrift og annonser	17.750,50	13.303,00
Salg av "Mange bekker små"	65.975,00	39.910,00
Salg av andre bøker m.m.	6.636,50	4.430,00
Kulturprisen 2005		10.000,00
Tilskudd til annonser	600,00	921,00
Refundert moms på porto + ref. porto	1.506,86	4.975,20
Mottatt fra FOT for kart	10.000,00	
Renter Kvinesdal Sparebank	4.354,92	1.568,76
	227.128,88	184.350,93

	227.128,88	160.414,58
Beholdning 1.1.2006	158.854,81	
Balanse		225.569,11
	385.983,69	385.983,69
Beholdning 1.1.2007	225.569,11	

Kvinesdal 6.1.2007
Anne-Berit Erfjord
Kasserer

Revidert Kvinesdal 20.1.07
Hans Inge Eriksen
revisor

Aktiviteter i Kvinesdal Historielag i 2006

28. februar Årsskriftet ferdig og pakka av styret.
9. mars Årsmøte på Kvinesdal videregående skole. Det var fin song og musikk ved Ann Mari Edvardsen Alexis og Oddbjørn Stakkeland. Dr. Knut Sand Bakken kåserte om gamle doktorar og det dei fann på. Det var smørbrød og bløtkake og utlodning. 105 personar var møtt fram.
15. mars 6 medlemer møtte på årsmøtet til Eiken Sogelag.
- 18.-25. mars Tur til Italia med 30 personar. Roma, Pompeii, Sorrento og Capri. Flott program og bra ver bortsett frå kraftig regn i Pompei. Turid Omland og Haga Nor hadde lagt opp turen.
6. april Turkartet for Kvinesdal og Flekkefjord lagt ut for salg. Vi var med i arbeidet med Kvinesdalkartet.
14. mai Fottur frå Golfbanen starta med orientering om Golfbanen ved Olav Magne Trydal. Så gjekk turen over banen, over Bormedalsmyra og bratt opp til Revskar-knuden. Frå toppen er flott utsyn over dalen. Trine Hunsbedt som skreiv Kvinesdalsongen kan ha vore her. Arve Hunsbedt fortalte om Trine og den flotte songen ljoma utover. Sven Gerhard Hunsbedt tok oss med til fleire stader Trine har vore. Rundt 50 var med på turen som måtte utsettast 2 veker på grunn av for mykje snø. Kari og Ruth hadde lagt opp turen.
25. mai Kr. Himmelfartsdag hadde Kvinesdal Historielag og kyrkja sin årlege fellestur, dette året til Fjotlandsfjellet. Frå Eftestølvegen gjekk turen med jamn stigning mot toppen som ligg 615 m.o.h. På toppen var litt kaldt, men vi fann ein lun plass til matpause og andakt. Julia Engstrand talte over teksta for dagen. Tor Mygland orienterte litt om det vi såg frå fjellet. Nedturen gjekk

om Røyland, litt ulendt. Frå Røyland gjekk vi siste delen av den gamle kyrkjevegen som gjekk frå Knaben gard til Fjotland. Gunvald Vatland synte oss vegen fram til Vigje der stien slutta. 47 personar var med. Turid og Tor var turansvarlege.

5. juni 2. pinsedag. Busstur til Bjerkreim og båttur på Ørdsalsvatnet. 53 personar var med, fleire var det ikkje plass til. I flott sommarver tok båten "Ørdsølen" oss innover til Vassbø. På vegen hadde vi ein stopp ved Dyrskog og gjekk bratt opp til garden. Sauer beita og epletre sto i blomst, det skal vera 200 frukttre i alt. Vi gjekk i land på Vassbø der bussen venta. Etter ein god middag tok nokre turen opp til Ørdsalsgruva. Bussen køyrde om Stavgjørn og så heim. Kenneth og Anne-Berit var turansvarlege.
11. juni Fottur til Gursligruvane og Gullbergknuden i Lund. Bare 13 var med pluss fire rogalendingar. Olav Hafstad frå Lund guida oss oppover gruvevegen fram til molybden-gruvane. Her var mykje å sjå. På tilbakevegen tok vi ein avstikker til Gullbergknuden. Det var litt bratt, serleg på slutten. Men utsikten over Lundevatnet var imponerende. Grunnen til at så få var med var truleg at det var sers varmt, og det blei litt tett mellom turane. Vegen er godt merka, så ein kan gå på eiga hand. Men då får ein ikkje med så flink guide.
14. juni Styremøte på Hidra.
30. juli I mange år var Storhei møteplass for folk frå gardane som låg rundt heia. I fleire år frå 1919 var det kristne stevner her siste søndagen i juli. Vi gjekk frå Lille Nordhelle (Øygarden) på skogsveg opp Kjørkelia og vidare opp gjennom skog, kratt og myrdrag. Nokre tok ein ekstra sving om Torsteinen før vi kom til varden. Varden på Storhei 498,86 m o h blei truleg sett opp i 1860-åra i samband med første skikkelege kart som blei laga. Her blei ein lang pause der folk såg i kikkert, delte minner og fekk høyra om hendingar. Turen tilbake gjekk først heilt sør på heia rundt Torstjødna. Her er ei trong

glove, Smugaren, der folk frå Londal gjekk når dei skulle opp og ned til Storhei. Ein liten flokk tok denne vegen ned. Så møttest vi att ved Smørsteinen og fylgde skogsvegen ned att til Øygarden. Dei ca 35 som var med på turen fekk oppleve fin natur med elgar, molter, blåbær, spesielle steinar og interesserte og interessante folk frå mange kantar. Det var ekstra moro at det var med folk med tilknytning til så og seia alle gardane rundt. Vi brukte 4 timar og hadde då lange pausar. Alf og Anne-Berit var turlosar.

20. aug. Fottur frå Knaben til Øyvasslega. I strålende turver la 44 deltakarar i veg frå Sanden og opp Benkeheia. Med Tor Mygland i teten var tempoet heile tida passelig, og i fleire små pausar blei det fortald både om hoppbakkar, langrennsløyper, bygging og riving av dammar og mykje interessant geologi. Ved sjølve Øyvasslega ligg det store steinblokker med hellarar under. I golvet i den eine hellaren blei det i 1980 funne flintavslag som kanskje skriv seg frå steinalderen. Etter ein god matpause fortalde Tor om legegjetinga som det var mykje av i desse heiane på 1800-tallet og fram til rett etter 1900. Turen tilbake til Knaben gjekk bratt opp og over toppen av Øyvassheia, 901 m. Herfrå er det fint utsyn i alle himmelretningar, mest til fjell og vatn, men ein ser og dei grønne dyrka jorda på gamle Mygland. Tor saman med Sigbjørn Risnes hadde lagt opp denne fine naturlosturen.
- 19 sept. Kenneth og Anne-Berit deltok på møtet om kraftstasjonen i Stampebekken.
28. sept. Medlemsmøte på Øye skule. Egil Johan Ree kåserte om gamle dagar og gamle folk på Jæren. Fleire meinte han kunne ha holdt på lenger. Agny Svindland fekk ein bokpakke fordi ho blei medlem nr. 900. Over 90 personar hadde møtt opp så det blei ikkje mange kringlestykke på kvar. Johannes Hamre viste lysbilder frå Italiaturen.
2. - 4. okt. Tur til Ryfylke med buss. 19 personar med sjåfør Tom Arne Tobiassen hadde første stopp på Landa i Forsand.

Etter lunsj på Lysefjordsenteret blei det ein rask stopp ved helleristningane på Solbakk i Strand før vi kom til Årdal. Her sto Kåre Jordal klar til å fortelja om Årdal gamle kyrkje. Etter overnatting på Høyland gard, gjekk turen neste dag til kaien på Fister der Jon Arne Helgøy låg klar med Helgøyekspresen. Etter eit strandhogg på Helgøysund gjekk turen til Jelsa. Laurentsa Wigestrånd viste oss Jelsa kyrkje med stjernehimelen og etterpå skulemuseet, begge stader med fin song. På vegen til Israelsneset venta Trygve Høyvik og viste oss staden og gardsmuseet i det gamle sjøhuset han og kona Valborg har laga til. På "loftet" i sjøhuset slutta vi av med "Mellom bakkar og berg" på 11 vers med Trygve som akkompagnerte med sju fingrar på eit gamalt trørgel. Siste dagen var vi på Sand og starta i Sjøfartsmuseet. Ingvar Olimstad tok oss ein runde i sentrum der vi fekk sjå rådhuset med det flotte amfiet som var nytt då dei feira Eirik Vandvik- jubileum. Bussen tok oss opp i Suldal til Laksesslottet Lindum der vi åt laks. Alle stadane hadde vi flotte guidar. Ingvar hadde lagt opp programmet i Suldal og var med oss to dagar. Tor og Anne-Berit var turansvarlege.

14. nov. Trimavslutning der vi delte ut tre premiar til dei som hadde vore på Høge Varen, i år var alle frå Hægebostad.
30. nov. Førjulsmøte på Kvinesdal videregående skole. Else Rønnevig kåserte om gamle hus og om bakaromnar og brød. Wenche Hunsbedt Svindland og Oddbjørn Stakkeland sto for fin song og musikk. 112 var med og åt grøt.
3. des. På kulturkvelden delte Kenneth ut bygningsvernprisen til Trine Nilsen Klungland og Rolf Terje Klungland for huset på Feda som dei har restaurert så flott. Vi vil også gratulera Oddbjørn Stakkeland med kulturprisen. Begge prisvinnerane er medlemmer av historielaget.

På heimesida vår er det referat og mange foto frå turar og møter.

A-B E

Planlagte aktiviteter i 2007

15. mars Årsmøte på Kvinesdal videregående skole. Gullsmed Erik Peersen vil vise bilder og fortelle om kirkesølv og lokale gullsmeder.
26. april Medlemsmøte på Klubbhuset, Stadion. Ingvald Tjørnholm viser lysbildeserie om Kvinesdal:
En bygd med mange spor fra siste istid. Hvor kan vi se disse i dag? Klimavariasjoner fra siste istid til i dag.
- 13.mai Fottur fra Skranefjell om Dalen, fjellet Toien til Håland. Russerfangen Konstantin rømte fra Lista og bodde her skjult i over to år. Magne Haugland kommer til høsten med bok om russerfangene. Han har fått kontakt med sønnen til Konstantin, Victor. Han vil bli invitert til å bli med på en markering med avduking av infotavle senere på året. Magne Haugland blir med på naturlosturen.
28. mai 2.pinsedag. Fottur fra Jisdal i Sirdal til Salmeli. Sammen med Sirdal Historielag og folk fra fylkeskommunen.
- 17.juni Busstur til Vennesla og tur med Setesdalsbanen. Middag på Løa etterpå.
1. juli Fottur fra Bjåstøl utover heia og ned til Gullestad.
15. juli Fottur Gyland på gamle kjerneveier.
28. juli Salmelidagen. Arrangement i Salmeli.
19. august Falkefjellstølen. Kvinesdal og Sirdal kommuner har hatt ansvar for stølen i 20 år. Markering av dette. Vi går fra Risnes.
2. september Fottur fra Kalvstøl til Heddan med buss tilbake, også buss opp til Kalvstøl. Mulighet for å kjøpe mat på Heddan. Naturlostur.
28. sept.-5.okt. Tur til Minneapolis.
- November Førjulsmøte

Flere opplysninger, endringer og andre arrangement blir annonsert Aeder

Mange bekker små...

Melding om feil:

Side 239 Eiesland – øverste bilde:

Dette er den øvste kverna i Storebekk. Den er yngre enn den på neste side.

Side 240 Eiesland – midterste bilde:

Dette er den første kverna i Storebekk nedfor brua på riksveg 42 og den er eldst, og ho er bygd i 1927.



Forfatteren av "I natt gjelder det!"

kommer med ny dramatisk krigsbok høsten 2007 på Commentum forlag

MAGNE HAUGLAND

"Do svidanija – På gjensyn!"

Den gripende historien om russerfangene i Norge 1941-45.

Russerfangen Konstantin Scshukins sitt rekordlange dekningsopphold på Dalen ved Fedafjorden blir fyldig omtalt.

Trelast ● Hagemøbler ● Agrilux PVC ● Vegg- og takplater



ALT I UHØVLET TRELAST

Innehaver: Oddvar Teistedal – Rute 506 – 4480 Kvinesdal – Tel.: 38 35 23 15 – Mobil: 93 45 94 81

En annen historie

Av Asbjørn Fjeld

Oddvar Verås skrev i årsskriften for 2003 om en påsketur i 1944 og sluttet med "Men det var en annen historie". Her er historien:

Vi hadde bodd i utløa på Øvre Hauan i en måned, og så fram til å komme videre. Her i heia kunne vi ikke regne med å bli liggende i ro stort lenger. Det var bare et tids-spørsmål når uønskede personer fant ut hvor vi var, og det ville ikke være bra for verken Peder eller oss. Dessuten håpet vi på at den verste rassiaen etter oss var over nå.

Vår nærmeste kontakt var i Oslo, fru Korsmo Rasmussen og tannlege Herdis Støle. Odd Starheim sitt "Cheese" -nett på Sørlandet var etterhvert smuldret helt vekk. Vi bestemte oss for å reise med "De forenede" til Kristiansand og videre med tog til Oslo.

Vi hadde falske grenseboerbevis fra før, undertegnet av lensmannen i Lyngdal "in blanco", men vi trengte reisetillatelse og billetter. Det ordnet Aleksander. Han fikk Johannes Svendsen ved jernbaneanleggets kontor på Åmot til å skrive ut to fribilletter tur-retur - slik at de ikke kunne spores tilbake til navnene de stod for. Han skaffet oss telegramblanketter som vi fylte ut

selv med reisetillatelse til Oslo. Han avtalte dessuten med Andreas Åse at vi skulle bli med postruten til Kristiansand den 7. mai.

Den 9. mai kom tyskerne på rassia til Hauan.

Peder og Franke fulgte oss på bussen, og sukket antagelig lettet da de så den forsvinne med oss i. Det var Sjøstrand og Kristensen som kjørte, og som åpenbart visste hva slag last de fraktet. Vi krøp sammen blant postsekkene og nøt turen til vi hadde passert Mandal.

- Tysk patrulje. Alle måtte ut av bilen for kontroll. Koffertene ble også undersøkt, og grensesonebevisene. Alt så ut til å gå bra, og vi ble beordret inn i bussen igjen. Men før vi kjører kommer det en tysk offiser og ber om å få se Oddvars grensesonebevis en gang til. Det var det, tenkte vi begge, og jeg forsøkte å trekke meg unna Oddvar så langt jeg kunne. Han var selvfølgelig helt ukjent for meg. Tyskeren noterte navnet som stod på grensesonebeviset, leverte det tilbake og sa strengt: "Es ist ein Fehler an diesen Ausweiss". "Jasså," sa Oddvar med det han hadde igjen av stemme. Nummeret manglet, og Oddvar fikk streng beskjed om å få det ordnet

omgående. "Jawohl", sa Oddvar. Og vi kjørte videre. Utrolig flaks. Og Oddvar ventet ikke lenge med å ta opp igjen grensesonebeviset og påføre et nummer, med en ikke helt stø hånd.

I Søgne tok vi på to tyske soldater som haiket til Kristiansand. Det så vi som en fordel. Og vi hadde avtalt med Sjøstrand og Kristensen at vi skulle stige av bussen like før Kristiansand og gå resten av veien. Det var ofte kontroll ved innkjørselen til byen. Men etter en skarp sving i Fidjeliene innenfor Brennåsen, er det stopp igjen. Ny patrulje. Vi kikket ut av bilen og så Sjøstrand og Kristensen stå med hendene i været foran to tyskere med maskinpistoler.

Tyskerne virket nervøse. Er Oddvars grensesonebevis avslørt, tenkte jeg. Hans falske navn var jo notert, og det var relativt enkelt å finne ut om det navnet som var oppgitt eksisterte i virkeligheten. Ut av bilen igjen, denne gangen ble vi kroppsvisitert, de to tyskerne også. Men grensesonebevisene spurte de ikke etter. Vi hadde diskutert før vi dro om vi skulle ta med våpen. Men vi fant det sikrere å stole på papirene. Nå var vi glade for det, med våpen hadde vi ikke hatt en nubbesjånse. Men tyskerne fant øyensynlig ikke det de var ute etter, og vi kunne kjøre videre. Denne gangen også.

I Kristiansand oppsøkte vi Wal-

borg og Reinholt Samuelsen. Deres sønn, Kåre, var arrestert og sendt til Tyskland sammen med far, og mor og Walborg var blitt nære venner. Vi ble der til toget til Oslo skulle gå, og ble fulgt til stasjonen av en av døtrene, Grete. Hun gikk før oss inn på stasjonen for å se om det var kontroll. Det var det ikke, og vi fikk noen skikkelige avskjedsklemmer før vi entret toget.

På toget gikk alt greit. Konduktøren godtok både fribilletten og reisetillatelsen. På Vestbanen var det tysk vakt, men ingen kontroll.

I Oslo tok vi inn hos Jens Åse til å begynne med. Siden bodde vi hos dr. Hjemlestad i Theresegaten. Begge kvindøler. Vår kontakt i Oslo, fru Korsvig Rasmussen, oppsøkte vi med en gang. Etter en kort samtale om felles kjente ble vi godtatt, og fikk beskjed om å møte en herre i brun dress på Stortorvet neste dag kl. 1200. Han tok oss med til en fotograf. Vi måtte ha nye grensesonebevis. Så fikk vi beskjed om å holde oss i ro og vente på en dame som skulle kalle seg "Pus", og som skulle "hilse fra Kvinesdal". Det var stikkordet.

En kveld vi satt og spilte kort med Hjemlestad ringte det på døren. Utenfor stod en liten søt jente som sa hun var "Pus" og skulle hilse fra "Kvinesdal". Av henne fikk vi beskjed om å møte på Vestbanen neste dag kl 1745.

Vi regnet ikke med at vi skulle reise til Sverige med tog, og slett

ikke fra Vestbanen. Så vi møtte uten bagasje. Og det var det første vi ble spurt om av "Pus": "Hvor er bagasjen?" Men toget skulle gå om ti minutter til Sandefjord. Så vi måtte la bagasjen bli igjen hos Hjemlestad. "Pus" lovet å stikke opp og si at vi var reist.

I Sandefjord skulle vi gå inn på venteværelset og se etter en sjåfør. Når vi ble alene med sjåføren, skulle vi spørre om han kjørte for familien Iversen. Svarte han bekræftende, skulle vi bli med ham. Togturen gikk greit. Men på venteværelse i Sandefjord kom det ingen sjåfør. Det var bare en bil på stasjonen, og der var passasjerer igang med å gå ombord. Vi tok mot til oss og spurte sjåføren om han kjørte for familien Iversen. Det gjorde han, og vi ble med i bilen til familien Iversen, som bodde nede ved sjøen i Sandar. Mannen var hvalfanger, men drev nå med kystfiske. Der ble vi i 4 dager og nøy en enestående gjestfrihet. Til vi den 19. mai la ut på fisketur sammen med 10 andre flyktinger i lasterommet på båten. Hvalfanger Iversen og sønn fisket seg til Sverige og satte oss i land på en øde kyststripe sør for Grebbestad kl. 0100 den 20. mai 1944.

I mellomtiden var vi blitt ganske godt kjente med hverandre. Vi var jo i samme båt, bokstavelig talt. Best husker jeg den eneste jenten. Selvfølgelig. Hun påstod hun het May Berg. Senere fikk jeg vite at

hun var kommunist, og en av madam Collontaj's protegeer. Madam Collontaj var den gang russisk ambassadør i Sverige. En som kalte seg Petter, og som hadde et ferskt skuddsår tvers over magen. Det hadde han fått i en skuddveksling i Kirkeveien en eller to dager før han kom til Sandefjord. Per Ihlen som senere ble opptatt i Kompani Linge samtidig med oss og konsul Christensen fra Kristiansand, nestor på laget, var blant flyktingene ombord.

SVERIGE

Det var en nokså broket forsamling som i de tidlige morgentimene strevet seg over ulendt terreng på svensk jord. Men en ting hadde vi felles. Vi var alle jublende glade. Det VAR en ubeskrivelig følelse. Endelig å føle seg trygg. Etter 4 år i mer eller mindre konstant spenning. Alle hadde tårer i øynene, og noen gråt åpenlyst. En fikk hjertebesvær og måtte hjelpes videre.

Vi kom fram til en bondegård i 3-4 tida om morgenen. Og vi ble godt mottatt med mat og et sted å hvile. Bonden varslet Landsfiskalen i Strømstad, som hentet oss samme morgen til et kort forhør. Oddvar og jeg oppga at vi hadde distribuert illegale aviser. Oppholdet i Strømstad varte bare noen timer. Vi ble kjørt til Gøteborg og anbrakt på et hotell. Noen år tidligere ville vi havnet i fengsel for å ha tatt oss illegalt inn i det nøytrale Sverige. Eller i ver-

ste fall blitt sendt tilbake til Norge. Holdningen i Sverige var totalt endret. Fra Gøteborg ble vi satt på toget til Kjesæter, mottagelsesleiren for flyktninger fra Norge. Med sivil vakt.

På Kjesæter ble vi forhørt grundigere. Av nordmenn. Men vi sa fremdeles minst mulig. Og fikk beskjed om at dersom vi ikke var villige til å samarbeide, kunne vi regne med å bli på Kjesæter til evig tid. Men noen må ha trukket i de riktige trådene. Etter en uke på Kjesæter ble vi kalt til Stockholm. Til MI 1V kontoret i den norske ambassaden som hadde med operasjoner på Norge å gjøre, og til den danskfødte britiske konsul Nielsen som SOE's representant i Stockholm. Og nå kunne vi snakke. Men ikke på Kjesæter, som var en av tyskernes beste etterretningskilder. Tyskerne plantet flyktninger der. Flyktninger som snakket villig til alle og enhver om hva de hadde begått i Norge. Vi var heldigvis blitt advart om det av våre medpassasjerer på båten.

Å komme til Stockholm i 1944 var som et eventyr. Full gatebelysning, fulle butikker, velkledde mennesker, aviser med egne meninger, og radio. Og vi fikk penger. Bl.a. for å kjøpe klær. Vi var jo uten bagasje.

Opptak i Kompani Linge var ikke uten videre opplagt. Våre rapporter måtte først bekreftes fra London. Selv var vi heller ikke uten motforestillinger, i hvert fall jeg. Andreas

Grill Fasting's beretning om beinhard trening i Skottland og farlige oppdrag i Norge var med i vurderingen. Jeg hadde bedre lyst til å bli flyger, dersom jeg likevel skulle leve farlig.


Konsul Christensen fra Kristiansand som vi var sammen med fra Sandefjord, hadde også kommet til Stockholm. Han var en gammel bekjent av Bernt Balchen. Og da Balchen var en tur innom Stockholm, besøkte vi han på hotellet. Det ble en gemyttlig prat om mangt og meget. Men han kunne ikke gjøre noe for å få oss inn i Flyvåpenet. Han rådet oss til å sende en søknad gjennom militærattasjen i Stockholm. Det gjorde vi, men fikk aldri noe svar. Det skyldtes gjerne at vi like etter fikk tilbud om å komme til UK. Til Kompani Linge, og vi sa ja.

Nå var det bare å vente på flyleilighet. Det kunne trekke ut. Den norske "flyruten" til/fra Stockholm gikk ikke i den lyseste årstiden. Men Kompani Linge hadde et utmerket feriested, Torpet, nær Almnæs st., litt sør for Södertälje. Stedet hadde 6 - 8 sengeplasser og en utmerket kokk, tidligere sjefskokk på Akershus landsfengsel, der han hadde vært en verdifull fangekontakt. Derfor havnet han på Torpet.

Oddvar og jeg ble på Torpet hele juni og juli, og møtte ganske mange Linge-karer etterhvert. Som kom på kortere eller lengere besøk fra Norge. De gikk som regel sine egne

Oddvar Verås, Sofie Rørvik Tomstad og Asbjørn Fjeld i Stockholm mai 1944.

Utlånt av Asbjørn Fjeld



veier. Utenom landsfiskaler og offisielle svenske myndigheter. Og selvfølgelig utenom Kjesæter.

Vi traff Nils U. Hansen der, tidligere norgesrekordholder i lengdesprang. Han hadde selv en skadet ankel den gang, men drev oss likevel i kondisjonstrening. Han falt i januar 1945 i en trefning i Budal. Gregers Gram traff vi der. Han ble overrumplet og skutt av tyske sikkerhetspoliti i november 1944. Edvard Tallaksen fra Kristiansand var der en stund. Han kalte seg Jakob og var en habil gitarspiller og

sanger. Han ble arrestert og tok "pilen" på Akershus landsfengsel i desember 1944.

Men de fleste av dem vi traff der overlevde. Vi møtte Åsmund Wisløff som siden bodde dør i dør med oss på Ørland i 4 år. Arthur Pevik var der en weekend rundt St. Hans. Birger Rasmussen fra Oslogjengen var der en ukes tid. Det samme var radarparet Øistein Hansen og Børge Pettersen. Pettersen var en munter fyr med stor appetitt på svenske jenter. Hansen var tidligere hval-

fanger og fremdeles lei seg for at han måtte skyte en nordmann som holdt igjen sykkelen hans engang han var på flukt fra tyskere. Han hadde tidligere vært med på "Carhampton" ekspedisjonen. Men det snakket han ikke om da. Vi møtte konsul Nielsen der, populært kalt "Onkel", og hans sekretær, mrs Bernardis, populært kalt "Tante". Hun var skilt fra en britisk offiser, og hadde en liten gutt som het George, og som dengang var 6 -7 år gammel. Nå er han direktør for Max Manus - konsernet. Max Manus og "Tante" giftet seg etter krigen. Men på Torpet var hun og Gregers Gram veldig opptatt av hverandre.

Vi feiret St.Hans på Torpet. Det ble nærmest en fyllefest, og fortjener ikke nærmere omtale her. "Tante" hadde orget en kasse konjakk gjennom Ambassaden (For en tantel!). Og på nordmenns vis måtte kassen tømmes. Heldigvis var vi mange den kvelden. Et tjuetall, tror jeg. Så det ble ikke så helt ille. Blant gjestene var bl.a. Stella Dybwad Olsen, som senere ble gift med Martin Olsen i Lingekompaniet og mor til fotballspilleren Olav Dybwad Olsen. Hun lånte pyjamasen av meg, husker jeg. Skuespiller som sin mor. Vakker og tøff. Og Ruben Larsen var der. Han ble skikkelig

full, og havnet i en potetåker. Han påstod etterpå at noen måtte ha tråkket på snippen hans, den var blitt skitten. Ruben Larsen var hjemme på jobb allerede sommeren 1940, og blant de aller første i Kompani Linge. Han skrev bok for noen år siden. Den er leseverdig, spennende, men ikke helt pålitelig.

Det var noen sorgløse dager på Torpet. En real ferie for både kropp og sjel. Men vi ble etterhvert lei lediggang, og så fram til å komme til UK.

UK

Og i august var ferien over. Vi ble kalt til Stockholm og innkvartert på hotell Eden, i en suite. Så fint har vi vel ikke bodd hverken før eller siden. Og så en kveld ut til Bromma. Der stod en norsk Lockheed Lodestar ved siden av en tysk JU 52 klar til avgang. Den ene til UK, den andre til Tyskland. Vi valgte å gå ombord i Lockheed Lodestar.

Flyet var totalt blendet under turen som tok ca. 6 timer. Vi ante ikke hvor vi krysset Norge. Vi landet på Leuchras i øsende regnvær. Og der så jeg for første gang en Mosquito lande. Imponerende elegant. På flyplassen spiste vi frokost med egg og bacon før vi ble satt på toget til London.

Om ein tur for å finne røtene i Kvinesdal

Av Martin Barkved, Bryne

Gjennom morsfolket har eg røter vest på Agder. Her vil eg nemna bakover minst til tippoldeforeldre.

Sentralt for oss står den fråflytte garden Solbjørstøl (Solbergstøl) på Vestheia i Kvinesdal. Ånen Årli skriv at i 1829 kom det ei ny slekt til Solbjørstøl, og at den kom frå Homma i Gyland.

I 1723 var desse bønder i Homma: Fredrik Tostenson, Knut Didrikson, Osmund Tronson, Peder Sigbjørnson og Knut Ånenson. Dei fem ættene som desse høyrde til heldt seg lenge i Homma.

Osmund Osmundson, f. ca. 1731, var gift med Anna Dorthea Larsdatter. Av dei ni borna deira var Tønnes Osmundson, f. ca. 1787, nr. 4 i rekka. Han kom seinare til Solbjørstøl, og dermed var dei eg direkte ættar frå borte frå Homma. Men bruket i Homma blei ennå i ætta i fleire generasjoner. I dag er skogmeister Rolf Grimsby, Flekkefjord, eigar.

I 1829 kom overnemnde Tønnes Osmundsen til Solbjørstøl. Same året blei han gift med Mette Larsdatter Midt-Røynestad. Foreld-

rene var Lars Knudsen Midt-Røynestad og Siri Hansdatter f. Ribås.

Mette og Tønnes fekk 5 born. Den midterste, Andreas Tønnesen f. 1832, slo seg ned som hjulmakar i Stavanger. Her blei han gift med Regine Jakobsdatter Nuland frå Flekkefjord.

Regine var datter til garvar Jakob Nuland og kona Rakel Malene f. Hansdtr. Stø. Ho kom frå Stø som høyrde til gamle Hidra kommune.

Før hadde eg lese soger om ein av dei tidlege eigarane av Nuland, gnr. 101 bnr. 2 i gamle Nes herad – Jakob Larsson, født på Tjersland i 1652. Han krangla om skiftesteinar mot Austad, men tapte i retten. Etter ei gravferd på Tjersland fekk han ei bot på 3 rdlr. til Nes kyrkje. I drukkenskap hadde han oppført seg slik han ikkje burde i ein "likbegjengelse". Den gongen tenkte eg at det var ein kar som eg ikkje ville hatt kaninar i lag med. Eg vart ikkje direkte glad, då eg seinare fann ut at han var ein av stamfedrene mine. Men det er nå ein gong slik at ein sjølv ikkje kan velja opphavet sitt.

Regine og Andreas Tønnesen,

Regine og
Andreas
Tønnessen.



mine oldeforeldre, fekk ein son og to døtre som levde opp. Den eldste, Martin Tønnesen f. 1870, kom til å gå skulevegen og studerte teologi. Seinare skreiv han at faren først kalla seg Andreas Tønnesen Solbjørstøl før han tok i bruk Andreas Tønnesen. Martin Tønnesen fortel at han sjølv tok namnet Martin Solberg i gymnastida.

Tek med eit tidsbilete ved utdrag frå det Martin Solberg skreiv:

”Barndomshjemmet var preget av gudsfrykt og nøysomhet. Far og mor var flittige kirkegjengere, og særlig far leste og studerte meget i sine fristunder. Han hadde noen venner som delte hans interesse for vor kirkes bekjennelse og gamle oppbygelsesbøker. De holdt ukentlige møter, hvor res.kap. Ernst Welhaven og senere pers.kap. Chr. A. Bugge holdt religiøse foredrag.

De interesserte seg mindre for

Lars Oftedals møter. De fant han talte for meget til følelsene, og for litet til tanken.”

Tek også med noko av det Martin Solberg fortel om økonomi og mor si:

”Mor var from og god og en dyktig husmor, meget økonomisk, så vi klarte oss med fars inntekter, og jeg fikk gå på middelskole fra mitt 11. år. Far døde allerede 1889. Da jeg skulle studere, var det svært litet hjelp å få av mig. Men mor kjempet tappert og underholdt sig og sine ved arbeide. Hun kjøpte hyse og lavet fiskemat til salgs, strikket for folk, og hadde noe inntekter av husleie.”

Martin Solberg blei gift med Marta Mathiassen, og dei fekk 5 døtrar. Den eldste av dei, Ragnhild, blei gift med Ola Barkved. Den eldste av deira tre born var meg som blei heitande Martin Barkved. Og dermed er dei tjukkaste trådane knytte frå



Hognestadvegen 24 på Bryne og opp mot Vest-Agder.

P.s. Skulle det finnast ein knute som det er forlite hald i, så ville eg vera glad for å høyra om den.

Eg hadde lenge hatt hug på ein tur til Solbjørstøl. Dette for ved sjølvsyn å få inntrykk av korleis dei måtte ha hatt det, dei som levde der. I august 1995 tok kona mi, Eva, og eg av garde. På Liknes kom vi i tale med fleire interessante personar som var godt inni slektene i Kvinesdal. Vi parkerte på Bjåstøl, og der kom vi i tale med Tønnes Bjåstøl. Vi forstod at den gong var han den einaste fastbuande på garden.

Tønnes fortalde om at det var slektskap mellom folket på Bjåstøl og folket på Solbjørstøl. Når det var torever, så dundra det svært oppe på Solbjørstøl. I tidlegare år hende

det då at ungane der oppe kom springande nedover og låg natta over på Bjåstøl.

På fotturen oppover kom vi til å gå forbi stien som tok av til Solbjørstøl, og vi hamna lenger oppe på stien mot Homma. Vi tok av stien og fylgde eit myrdrag nedover til vi fekk godt utsyn frå ein kolle ved det som - eg i dag veit - heiter Lammetjørn.

Det einaste levande vi såg spor etter, var beveren som hadde arbeidd med mange bjørker nede ved tjørnet. Elles såg vi på gamle husgrunnar, og fantasien fekk fritt spelerom. Denne dagsturen gjorde eit dupt og sterkt inntrykk på meg. Vi blei eit par dagar til i Kvinesdal. Der drog vi rundt både i Austerdalen og Vesterdalen, og såg stader eg hadde lese om i bygdebøkene.

Eg hadde hug til at etterkomarane våre skulle få oppleva Solbjørstøl.

Då planlegginga starta, tok eg kontakt med kommunen. Der fekk eg den hjelpa eg ba om, og vel så det. På det viset kom eg i kontakt med Borgny og Gerhard Røynestad, eigarar av hovudbruket på Solbjørstøl.

Dei var svært positive, og det var mykje dei sa seg viljuge å gjera for at turen skulle bli vellukka. Hugen til sjølv å vera med opp til Solbjørstøl var og tilstades, men det let seg ikkje gjera av helsemessige grunnar.

Det gjekk ut brev om samling på Liknes laurdag 17. september 2005. Av dei 21 som kunne ha meldt seg, møtte det i alt 20. Dette var langt over det eg våga håpa på. Då vi kørde oppover dalen, tenkte eg litt på om eg kom til å finna staden der

stien til Solbjørstøl tok av. Dette synta seg å vera ei unødige sut, for det var ordna med guide. På Storekvina stod Fridtjof Røynestad og ønskte velkomen.

Turen blei nok litt forvitneleg for guiden også. I guttedagane hadde han drive med snarefangst på Solbjørstøl. Men i mellomtida låg mange år i Amerika og ute i oljen. Og nå i dag, i den høge og tette skogen, var det ikkje like lett å kjenna seg igjen frå gammalt. For oss sette det ein spiss på turen når Fridtjof Røynestad fortalde om hendingar frå farne dagar.

Så mange som var samla, måtte ein rekna med at det ikkje kunne bli tale om så mykje slektssoge. Det viktigaste var å hygge seg saman ein fin dag på ein fin stad. Og

bakom låg vona om at det kunne bli tent gneister som i eldre år kunne slå ut i interesse for slektsgranskning.

Om kvelden var vi samla på Rafoss Hotell. Vi var heldige som kom til eit tradisjonshotell med eit personleg preg. Etter ein god middag møtte vi uventa den moderne teknikk. Ketil, ein av sønene, synta mange lysbilete frå den turen som vi hadde hatt bare nokre timar tidlegare.

Etterskrift.

Tidleg søndag morgon gjekk eg tur rundt omkring på Liknes. Eg møtte ikkje så mange, men dei eg møtte veksla nokre ord. Dette var triveleg, og eg tenkte at kanskje var det tradisjon i området. I så fall var det ein fin tradisjon som det er verdt å halda på.

Bakgrunnsstoff.

Ånen Årli: Kvinesdal. Ei bygdebok.
Lars Fr. Nuland: Bygdebok for Gyland.
Kaare S. Berg: Bygdebok for Nes Herred.
Martin Solberg: Minner. (I handskrift).

Bli ny på håret, nå til våren og sommeren!

Timebestilling eller "Dropp innom"

Sofies Salong Eftf.

Liv Siri Nilsen
Fjotlandsgata
Tlf. 38 35 01 10

COOP AUSTERDALEN

Gjemlestad
Tlf: 38 35 48 85



Ei hildrande oppleving

«Stavangerfjords» gjesting i Fedafjorden 10. juli 1934.

Av Jakob Olimstad

I "ÅRSSKRIFTET 2006", s. 76, har redaksjonen sett inn eit bilete utlånt frå Kvinesdal Fotoklubb. Biletet syner "Stavangerfjord" i fjorden utafor Feda. "Kan nokon seia kva tid det var eller kva grunnen for turen var?", spør redaksjonen. Visseleg lever det framleis augevitne til denne hendinga, og eg vil tru redaksjonen har fått fleire svar. Men eg kan også tenkje meg at ikkje radt få av svara har vore med referanse til "Fedaboka" (Margit Løylands "Fjordfolk") s. 418 og "Kvinesdalbilder" (av Marit Karin og Jan Alsvik), bind 1, s. 141, for i begge desse bøkene fører kjem same biletet. I sistnemnde bok er også ovanstående bilete med,

samt eit bilete av kapteinen om bord, Kjeld Stub Irgens, iført kapteinsuniform, ute på ope dekk. I begge dei nemnde bøkene er det opplyst at det var den 7. juni 1934 "Stavangerfjord" besøkte Feda. Til det er å seie: Årstalet er rett, datoen er feil! Det var først tysdag 10. juli båten kom til Fedafjorden (Foto frå "Kvinesdalbilder", bind 1, s. 140).

Ei hildrande oppleving!

Ludvig Jerdal nyttar ordet "hildrande" i ei skildring av "Stavangerfjord"s gjesting i Fedafjorden 10. juli 1934. Ordet har samanheng med "hildring", dvs. luftspegling, synkverving el. ei fantasiførestelling; eit "fata



morgana", noko nær ein hallusinasjon. Og for mange opplevdest det truleg nett slik då dette "draumeslotet" av eit skip ("The Queen of the Atlantic") gjesta Fedafjorden.

Bakgrunnen for besøket er nok helst å finne i dei dårlege tidene. Alt midt på 1920-talet fekk Den norske Amerikalinje (NAL) økonomiske problem. Flaggskipet "Stavangerfjord" (Bygd i England i 1918) vart følgeleg sett inn i cruisebart til Nordkapp og i dei norske fjordane. Problema forverra seg med krakket på New York-børsen i oktober 1929. Dette utvikla seg til ei økonomisk verdskrise med stor arbeidsløyse på begge sider av Atlanterhavet. Det tok tid før verknadene av Roosevelt's "New Deal"-politikk gjorde seg gjeldande. Mange nordmenn i Amerika kom seg heim att til gamlandet; få reiste over. Året 1930 var siste året før 2. verskrigen med fire-sifra utvandringstal: 3673 emigrantar. I åra 1931 - 1939 ligg snittet på ca. 580 emigrantar pr. år.

10. jan. 1934 refererer "Agder" frå eit privatbrev frå Nord-Dakota:

"Det er verre tider for farmarane i Amerika enn for bøndene i Noreg" og "Skal eg segja mi meining, so trur eg de i Noreg er betre stelt enn oss som bur her i landet".

B.O. Clausson skriv frå Stillehavskysten i "Agder" 19. jan. 1934:

"Det går sent og smått med gode tider" og i eit nytt brev 28. mars:

"Man spør om her er mange som skal reise til Norge i sommer, og jeg nødes til å svare at bare noen få ser seg i stand til å reise. Lysten og viljen er god, men midler fattes".

For "Stavangerfjord" vart det såleis i 1934 innimellom meir ordinære turar over Atlanterhavet både cruise-turar og meir spesielle turar, og seinhaustes vart det også avertert "Billigreiser med Amerikalinjen" (Tur-returbillett på turistklasse for 153 dollars, på 3. klasse for 127 dollars. Gjennomsnittskursen vert for 1934 rekna 1 USD = Nkr 3,98). "Betingelse: Tilbake-reisen tiltredes innen 15 dager etter ankomst, eller første avgående båt etter utløpet av dette tidsrom". Ynskte ein seg eit lengre opphald, kunne ein då nytte seg av dette tilbodet:

"Med 'Stavangerfjord' fra Kr.sand 24. nov. vil en kunne oppholde seg i Amerika inntil 23. jan. 1935, som blir første østgående seiling etter utløpet av de stipulerte 15 dager".

Bernhard Hansen (som hadde agenturet for NAL i Flekkefjord) averterer fleire gonger i "Agder" våren 1934:

"Med 'Stavangerfjord' til Nordkapp, Svalbard og eventyrlandet der nord. Fra Stavanger mandag 23. juli".

Dette toktet vart det kanskje ikkje noko av, for i ei ny annonse 2. juli er "Stavangerfjord" oppført med avgang frå Stvgr. den 25/7 og ank. NY den 8/8. Mogleg årsak kan vere at programmet laut endrast: Sundag

22. april 1934, åtte og eit halvt døger forseinka kom "Stavangerfjord" til Oslo.

"Skibet anløp ikke Bergen. Kaptein Irgens fortalte at man mistet propellen ved Newfoundlandsbankene. Antagelig er denne slått av mot en drivende vrakstump. Skibet går nu i dokk". ("Agder", 23. april 1934)

Noko endring kan det også ha blitt i samband med følgjande cruise avertert i "Agder" 9. febr. 1934, samt i same avis 25. mai 1934:

"Med 'Stavangerfjord' til Hardanger og Vestlandets fjorder. Fra Oslo lørdag 7. juli. Prospekt og opplysninger om vårt bekvemme avbetalingssystem fåes i reisemyråene og hos Bernhard Hansen, Flekkefjord".

Det er i samband med dette cruiset Fedafjorden får besøk. "Agder" opplyser seinare at båten gjekk frå Feda til Sauda, så moglegvis har Hardanger falle ut, og "Vestlandets fjorder" kan ha blitt redusert til Ryfylkefjordane (Seinare er cruiset også omtala som "Stavangerfjord"s Sørlands-cruise).

Fredag 6. juli melder "Agder":

"Stavangerfjord" kommer tirsdag.

Det er førstkommande tirsdag "Stavangerfjord" kommer til Fedefjorden. Etter seilingslisten vil skibet komme kl. 1 em. og ligge over til neste dag kl. 2 em (14). Skibet går fra Oslo imorgen kveld kl. 18 til Skagen i Danmark, derfra fortsetter det søndag med anløp av Arendal kl. 20. Senere anløper skibet Kristiansand og Mandal. På sistnevnte sted blir der gjort

store forberedelser. Der skal bl. a. arrangeres en rekke bål på Sjosanden om kvelden.

En av fjord-dampbåtene her bør gå ekstratur til Øie fra byen. Der vil sikkert bli stor deltagelse.

I same avisa kan ein også lese denne annonsa:

Kvinesdal.

Skøite går fra Kleven brygge, Øie, kl. 6, 8 og 10 tirsdag aften den 10. for dem der ønsker å se Stavangerfjord".

S. Reinertsen, Øie.

"Flekkefjordsposten" følgjer opp laurdag 7. juli (og noko meir presist m.o.t. avreisetidspunkt):

"Stavangerfjord" til Feda.

Tirsdag 10. ds. kommer "Stavangerfjord" på sin turisttur innom Fedefjorden. Ankomsten beregnes etter seilingsplanen å bli kl. 1 eftermiddag, og blir liggende til kl. 2 natt. Linjens herværende kontor meddeler at det har anbefalt "Stavangerfjord" å arrangere tur for passasjerene med skibets egne motorbåter op til Flekkefjord om eftermiddagen tirsdag, og dette vil antagelig bli gjort. Der vil nok bli mange motorbåter med skuelystne som går til Feda mens skibet ligger der. Samme dag vil der bli arrangert en fotballkamp på Uenes mellom et lag av besetningen ombord på "Stavangerfjord" og Flekkefjord Fotballklubb.

Same dag og i same avis finn ein følgjande annonse:

Kvinesdal.

I anledning "Stavangerfjord"s besøk 10. ds. går dampsk. "Kvina" fra kl. 1 - 10 em. mellom Øie brygge og båten. Likeledes går Kvinas biler i samme anledning mellom Øie brygge - Liknes og Utsikten.

I "Agder" måndag 9. juli blir avreisetidspunktet presisert til "kl. 2 om natten", og det blir informert om tur-opplegg for publikum med "Kvina II" og "Kvina's biler". Og "Agder" skriv:

Man spør oss om det ikke skulle la seg gjøre å få en "spire" på fjorden imorgen kveld under amerikanernes besøk. Vi sender spørsmålet videre til formannskapet.

Og så blir det annonsert:

FEST

i Sparebankens Festivitetslokale arrangeres tirsdag 10. juli kl. 9 i anledning "Stavangerfjord"s besøk. Entre kr 1,00. Restaurant. Musikk.

Tysdag 10. juli, same dag som skippet kjem, har "Flekkefjordsposten" denne annonsa:

"Ekstratur til Feda".

Hvis tilstrekkelig deltagere går D/S "Alf" ekstratur til Feda tirsdag 10. juli kl. 5 em. Billettpris kr 1,50.

Folkefest og 17. mai-stemning på Feda!

Besøket vart ein stor suksess. "Agder" melder dagen etter (onsdag 11. juli) at

"da båten lå inne ved Feda, var der en trafikk som aldri før. Passasjerer blev landsatt og tok biler til byen eller til Kvinesdal, og omkring skibet var der samlet hundre motorbåter minst. På Feda var der folksomt som i byen en 17. mai: Bilene kjørte i et vekk så støvskyen hang tett over bygda. Passasjerene er strålende fornøyd med turen hittil; de har hatt det fineste ver man kunde ønske sig".

"Flekkefjordsposten" har eit noko fyldigare referat torsdag 12. juli. Her heiter det at:

Mange vilde se denne berømte båt som hadde ført flere av deres bys borgere over og hjem fra Amerika. Den ene motorbåt etter den annen tøffet derfor avsted i det deilige vær til Feda. "Alf" gikk også ekstratur i samme anledning. På Feda hersket der et yrende liv; man må mange år tilbake for å finne en slik trafikk. Ute på fjorden lå "Stavangerfjord", og rundt om krydde der av båter. Dessverre fikk ingen lov å komme ombord, hvad nok flere hadde beregnet. Været var strålende og etter utfaleiser fra turister var opholdet i Fedafjorden vellykket. En stor del av turistene hadde også benyttet sig av anledning til å se Flekkefjord.

Om kvelden var der arrangert en fotballkamp mellom et lag av "Stavangerfjord"s besetning og Flekkefjord Fotballklubb (*). Deretter var der fest i Festivitetslokalet, hvor et glimrende orkester fra "Stavangerfjord" spilte op til dans, og bidrog ikke minst til å sette en viss kulør og stemning på festen.

"I eit seinare referat er det opplyst at resultatet vart uavgjort 1-1. Fl.fjord spela med eit samansett A-B-C-lag. "Stavangerfjord" hadde mange gode spelarar, spesielt blir det peika på c.h. og v.b.

I 1934 fekk Johannes Reiersen konsesjon for laste- og mjølkerute på strekninga Slimestad - Flekkefjord. Han kjøpte då ein kombinert bil, slik at han også kunne påtaka seg persontransport. Mathias Reiersen hugsar at, fotballspelarane og supporterane frå "Stavangerfjord" vart transporterte med denne nyinnkjøpte "rutebussen". Båtlaget hadde nok frykta nederlag i fotballkampen.

Uavgjort vart difor sett på som full utklassing. Mathias var med og hugsar at nokre av spelarane var så oppglødde for resultatet at dei kravde å få sitja på taket av bussen på heimvegen. Det fekk dei lov til.

Som nemnt i "Flekkefjordsposten" hadde nok mange (ikkje minst mange kvindøler, vil eg tru) rekna med at dei skulle kome ombord. **Kaptein Kjeld Stub Irgens**, barnefødd i Kvinesdal og med sine 4 første leveår (1879–1883) i bygda, hadde ord på seg for å vere omgjengeleg og "meget populær for sin omsorg for passasjerene, og de på 3. klasse" (Sitat Johs. Østvold i internettutgåve av "Maritimt Magazin"). Truleg kunne fleire heimkomne kvindøler "slå om seg" med at dei kjende kapteinen, dei hadde helsa på han og prata med han opp til fleire gonger. (Av spesielle grunnar vart det kanskje mindre høglydt snakk om det seinare).

Som skrive står i "Kvinesdal-bilder": "I den tiden var det en stor ære å bli invitert ombord". Så var det heller ikkje mange som blei æra med slik invitasjon. Oskar Gusevik (f. 1922) hugsar godt gjestinga til "Stavangerfjord". Han veit å fortelje at ein del prominente gjester fekk kome ombord, bl. a. **Jens Hompland**, som var agent for Den norske Amerikalinje. Han var også ordførar i Kvinesdal i 1934.

"Flekkefjordsposten" skriv i ein notis at "Efter ankomsten til Feda

bilte kaptein Irgens til Liknes og tok inn hos **sogneprest Sigurdson**. Hr. Irgens er som kjent født i Kvinesdal. Etter en tids opphold (*) kjørte han tilbake med sognepresten som gjest ombord på "Stavangerfjord". "Agder" har også ein notis om at sogneprest S. A. Sigurdson var kaptein Irgens' gjest ombord, og begge avisene fortel at "Kapteinen bad hr. Sigurdson bære frem en hilsen til befolkningen i Feda, Kvinesdal, Nes, Hydra og Flekkefjord. Han beklaget at han ikke kunde gi alle som hadde møtt frem adgang til skibet. Man hadde valgt Fedafjorden til ankerplass da skibet her lå centralt for disse bygder, hvor så mange har slektninger på den annen side av havet".

*Eg vil no tru han også var ein liten tur utom tuftene etter det gamle prestegardstunet sør-aust for Kvinesdal ungdomsskole. Det var der han trakk sine barnesko. Ny prestebustad med noverande plassering kom først i 1896.

Rimelegvis har også nokre få andre prominensar vore ombord, men eg kjenner ikkje til fleire. Derimot var det ei anna gruppe inviterter, mindre prominente må ein vel kunne seie, som var så heldige å sleppe ombord; blant desse to nolevande: **Marie (Lillemo) Tønnessen** (Kristiansand S), 2½ år i 1934, og **Helge Gullestad** (7 år). Kva var så bakgrunnen for at dei skulle vere blant dei få utvalde?

Jens Stub Irgens (1836 - 1908) var sokneprest i Kvinesdal **1876 - 1883**. Han var gift med (Sophie) **Cathinca** Altschwager (1845

- 1928). Dei hadde 8 barn som voks opp; 3 av desse vart fødte i Kvinesdal, og blant desse 3 finn vi **Kjeld**, f. **23.05.1879**. Han var nr. 5 i syskenflokket. Far til Cathinca, skredder Peter Mathias Altschwager, vart gravlagd i Kvinesdal. Frå Kvinesdal flytte prestefamilien Stub Irgens fyrst til Øier i Gudbrandsdal, seinare til Fana ved Bergen.

Marie Gabrielsdtr. Førland (1862–1930) var tenestjente (Pige) hos prestefolket. Ho må ha vore svært flink og eit ualminneleg godt menneske. Ho vart umåteleg godt omtykt og godt lika, både av store og små, og gjensidig sterke band vart knytte mellom Marie og prestefamilien. Om det vitnar ei rekke brev til Marie, både frå eldstedottera, Kristine Stub Irgens, og frå prestefrua sjølv, Cathinca. (Marie, og seinare familien hennar, har teke godt vare på desse breva). Brev gir eit svært godt innblikk i livet i ein prestegard og prestefamilie. Marie blir "løpande" informert om skulegang og utvikling til barna, og seinare om karrierar som vaksne. Og Marie på si side må ha vore svært god til å informere om hendingar i Kvinesdal og i eige liv, om giftarmål og egne barn.

I 1914, i dei urolege tidene framføre utbrotet av 1. verdskrig, er Cathinca tydelegvis ottefull for dei to sønene til Marie (Hans og Godtfred) som er i Amerika, for i eit brev datert 29. sept. 1914 etterlyser ho svar frå Marie på eit brev(*) tidlegare same år "hvori jeg skrev at dine Søner skulde faa fri Reise med 'Bergensfjord' hvis de vilde reise hjem i sommer". (* Dette brevet er ikkje å finne blant dei ivaretekne breva; Marie hadde vel kanskje sendt brevet med det generøse tilbodet vidare til sønene i Amerika).

Marie var med då prestefamilien flytte til Øier i i 1883. Då vart det eit opphald i Kristiania, og Marie fekk oppleve Bygdø med Oscarshall, Slottet og "Storhingsbygningen", og ho var også med i "Skulpturmuseet".

Tilbake i Kvinesdal påteke Marie seg oppsyn og stell av grava til Cathincas far. Og så seint som hausten 1926 takkar Cathinca for "deilige Multer, som kom frem i god Behold". Siste brevet frå Cathinca er sendt frå Bergen og datert 2. Marts 1928, same året ho døydde.

Marie (el. Maria) vart gift med **Andreas Pedersen Lillemo**, f. Ribås (1853–1940). Det er bilete av dei i bygdeboka, bind II, s. 543. Dei fekk 6 barn, blant desse **Katinka** f. 1898, nestyngst i syskenflokket (Ho vart gift med Hans B. Gullestad), og yngstemann, **Aron Lillemo**, f. 1904. ("Aron på Lillemoen"). Han vart gift med Talma frå Greipstad).

Med mykje ansvar for Kjeld i dei første leveåra hans er det ikkje så rart at det vart eit spesielt godt forhold mellom han og Marie. I eit brev frå "din hengivne Kristine" i 1898 fortel ho om "Kjeld, din gamle ven" at han "fremdeles er på krigsskolen, men i vinter læser han ikke, han er ude paa reise nede i Middelhavet, han har nylig været i Portugal, og derfra skal de nok til Middelhavet. Ja, han faar sandelig se sig om den gutten". I fleire av dei nemnde breva er det spesielle helsingar frå Kjeld til Marie.

I 1896 hadde Kjeld planar om at han saman med ein bror skulle "reist indom Kvinesdal og seet sig om paa gamle tomter, samt aflagt dig (Marie) en visit". Det vart ikkje noko av, og det er ingenting som tyder på at han var attende i bygda før 1934. Men lengselen må ha vore der, og det er all grunn til å tru at det ikkje er heilt tilfeldig at Fedafjorden kom med i cruiseplanen.

1934. Marie er død 4 år tidlegare, men Kjeld syter for invitasjon til enkemann Andreas og alle etterkomarane. Såleis heng det då saman at 81 år gamle **Andreas P. Lillemo**, dottera **Kathinka** (gift Gullestad) med sønene **Bernt**, **Helge** og **Kjell**,

samt sonen **Aron** med kona **Talma** og veslejentene **Marie** alle kom med blant dei heldige. (I "Kvinesdal-bilder" er det noko misvisande opplysning m.o.t. kva for ei Marie som kom ombord).

Marie Tønnessen var nok for ung til at opplevinga gjorde varig inntrykk. Helge Gullestad hugsar enno at nokre av passasjerane kjøpte sjokolade i ein kiosk ombord og span-derte på barna.

Frå Brooklyn skriv eldstesonen Hans til far sin, Andreas P. Lillemo i eit brev datert 14. sept. 1934:

"Irgens va svært hæve som kunne faa dokke paa baaden sin(,) aa saa gje dokke ein madebede der au (,) saa han æ ein glubanse kar. Han æ goe te aa styra baaden au (,) aa han va goe som kunne faa den store baaden heilt inn te Feda (,) aa dæ maatte vera gjilt for han aa faa ein svip te Kvinesdal aa sjaa øve dei gamle minnan atte".

Ikkje alt gjekk heilt etter programmet. "Flekkefjordsposten" melder torsd. 12. juli at:

"En lastebil fra Kvinesdal som tirsdag kveld kjørte en flokk skolebarn til Feda for å se, var på hjemveien ved Refsti utsatt for et uhell som lett kunde ha fått meget alvorlige følger. Det kom noe i veien med styregreiene og bilen skar ut av veien. En ung jente fikk noen kraftige støt og blev bragt til lægen, men noe alvorlig er det ikke. En del andre fikk forskjellige skrammer, ellers slapp man med skrekken. Der blev hentet en buss fra Feda til å kjøre flokken hjem. Hellet var at det var på et forholdsvis slett parti

at bilen skar ut. Hadde det vært 2–3 meter før, hadde det båret ut for en temmelig høi skråning med stygt terreng under, og det kunne ha fått de slemmeste følger.

(Tenkje seg til: Praksisen med å transportere barn med lastebilar på opne lasteplan hugsar eg godt frå eigen barndom. "Sit ned ! Hold dokke godt fast i karmen !", sa gjerne sjåføren).

16. juli melder "Agder":

Frekke folk.

Under "Stavangerfjord"s besøk i Mandal skulde 50 av passasjerene ta buss til Feda og møte båten igjen der. 4 **luffere** så sitt snitt til å snike seg med, idet de utgav seg for passasjerer. De var så frekke at man i Mandal til og med måtte vente på en av dem. Ved framkomsten tok lensmannen sig av dem.

"Flekkefjordsposten" har i tysdagsutgåva (17. juli) denne notisen:

Under "Stavangerfjord"s besøk i Mandal leiet 3 unge menn (turister) bil til Feda under foregivende av å være passasjerer ombord på skibet. Ved ankomsten til Feda viste det sig at ingen var i besiddelse av penger. De blev arrestert av lensmannen i Kvinesdal og transportert til Flekkefjords hjelpefengsel, hvor de nu har avsonet mulktforelegg for dette forhold.

Finst det filmopptak frå "Stavangerfjord"s besøk i Fedafjorden?

Neppe, for dette var før Lars Emanuel si tid. Lell ikkje heilt utenkeleg. Det vart laga filmar i samband med "Stavangerfjord"s sommarcruise til Nordkapp, faktisk så tidleg som i 1925 og 1926, og sei-

nare på 30-talet då Svalbard kom til som eit meir eksotisk arktisk reisemål. På den aktuelle turen innom Fedafjorden var eit dansk filmselskap med. "Agder" melder (18. juli) at "der blev opptatt noen scener midt i Skagerakk. Årets danske skjønnhetsdronning spilte hovedrollen, og den verdensberømte ungarrør dr. Fejos var instruktør".

I mangel av visuell-artistisk dokumentasjon let me kvindølen og ordkunstnaren **Ludvig Jerdal** få dei avsluttande orda med denne skildringa i "Agder" 13. juli 1934:

"Stavangerfjord" i Fedafjorden.

Tenk at det hender at det er noko i vår tid som - endå på ein uvanleg travel høverdagsdag i hardaste slåttonni - kan samla både eldre og yngre slik som denne "Stavangerfjord"s vitjing tysdag synte seg å kunna.

Frå bryggja i Kleven gjekk "Kvina II" fleire turar ut til Feda. Og både den og ymse skøytor og motorbåtar hadde full last kvar gong.

Det vart ein herleg tur ut fjorden i den vakre sumardagen. Ein svalande bris friska godt opp, og det fylgde med ei kjensla av at denne dagen med turistvitjingi var ein festdag.

"Kvina" var framkomstmidlet for kvinesdølene i mange år. Um dekk og salong på den gamle båten kunde tala, dei skulde nok ha mangt forvitnelegt å melda um. Frå den tidi då kvinesdøler og fjotlendingar fór sjøvegen når dei gjorde byferd.

Det var soleis ei heilt liti minning um "gamle dagar", og sjølv um fleire av oss hev set Amerikabåten fyrr både ein og fleire gonger, so var det liksom litt annleis dette å sjå han i "vår eigen fjord".

Det yrde med skøytor og båtar kring "Stavangerfjord". Frå fleire kantar var dei komne. Også skuleborn frå einskilde krinsar hadde fenge seg ein tur til dette serhovet. Og kor hovde det ikkje framifrå å høyra at dei song frå ymse skøytor "Milom bakkar og berg utmed havet heve nordmannen fenge sin heim".

Og det vart svara med song frå dekket på "Stavangerfjord".

På Feda vart det ei sjeldsynt folkesamling um kvelden og natti. Det var ein stendig straum av folk i "gatone" so det var trøngt nok å koma fram. Og motorbåtane tøffa stadig ut til Amerikabåten som no låg der opplyst og vakker, ferdig til avgang kl. 2.

Det var ei hildrande høgsumarnatt, rett ei ungdomsnatt, ei eventyrnatt, slik at nokon kvar kunde drøyma same draumane som dei tusund av norske "emigrantar" som hev drøymt, fyrr det bar over storhavet der dollaren med framtidi i fanget tyktest vinka.

EPILOG 1.



Minister Kjeld Stub Irgens, slik han er presentert i boka "1. Februar 1942". Denne boka vart utgjeven på Blix Forlag i 1942 i høve den skalla "Statsakten" på Akershus festning, dvs. den

tyske Reichskommissar Terbovens utnemning av Quisling til "ministerpresident" og dei kommissariske statsrådene til medlemmer av regjeringa hans.

Kaptein **Kjeld Stub Irgens** reiste til sjøs 15 år gamal i 1894. Han gjekk Sjøkrigsskulen 1899-1900 og vart premierløytnant. I 1903 vart han skipsfører og førte fleire av dei største og nyaste fartya i fruktart på

Amerika. Frå 1913 var han knytta til NAL som førar av dei store passasjerskipa, først "Bergensfjord", frå 1918 "Stavangerfjord". Han var formann i Norsk Skipsførerforbund 1913 - 18.

To forhold midt på 1930-talet kan ha spela inn og medverka til hans tragiske lagnad.

"Flekkefjordsposten" hadde følgjande notis 12. juli 1934:

Kaptein Irgens hedres.

Da Amerikalinjens "Stavangerfjord" forleden var på vei fra Stavanger til Oslo med 1200 turnere ombord fant der sted en enkel men sjelden liten høitidelighet. Turnerne ville hedre kaptein Irgens for den utmerkede måte hvorpå han hadde arrangert alt for passasjerene, og det blev besluttet å tildele ham Turnforeningens æresdiplom og medalje. Kongen som også fulgte med på båten og som er Turnforeningens beskytter påtok sig det hverv å overrekke den populære kaptein disse hederstegn.

Kaptein Irgens kjende elles til fleire av medlemene i kongefamilien frå deira reiser med Amerikabåtane, men det å bli heidra slik var nok litt spesielt.

I 1935 vart kaptein Irgens gift for 3. gong (Han var blitt enkemann 2 gonger tidlegare), no med Anne-Hedwig Willoughby, f. Hagelin. Ho var syster til Albert Viljam Hagelin, f. 1882, NS-medlem frå 1936, kommissarisk statsråd (forsynings- og handelsminister) i Quislings "1. regjering", frå 1942 sjef for Innanriksdepartementet. Dødsdømd 1945 og avretta året etter).

Kaptein Irgens var ikkje NS-medlem då krigen braut ut 9. april 1940. Denne dagen var Irgens i Oslo med "Stavangerfjord" og skulle etter planen gå til USA fire dagar seinare. Dagen etter vart han beden om å innfinne seg på Hotell Continental, truleg etter tilråding frå svoger Hagelin. Quisling bad no den kongevennlege Irgens om å reise til kongen (som hadde flykta frå Oslo) og be han oppmode kongen og hans hus å kome attende til hovudstaden. Quisling ville då prøve å få til ei liknande ordning som i Danmark. Irgens traff kongen ved Nybergsund 11. april, men måtte returnere med uforretta sak.

Terboven insisterte på at Irgens skulle vere med i den kommissariske regjeringa. Eit nytt departement, Sjøfartsdepartementet, vart oppretta i september. Quisling tok ny kontakt med Irgens; han sa ja, og no melde han seg også inn i NS; etter eiga utsegn fordi han trudde medlemsskap ville gje han større autoritet og arbeidsfridom i høve til tyskarane og partiet. Irgens og departementet hans følgde også med i Quislings nye regjering frå 1. febr. 1942. Det er ingen tvil om at Irgens i sitt arbeid for Sjøfartsdep.tet fekk utverka fleire ting til beste for heimeflåten og sjøfolka. Han motsette seg sterkt at den norske heimeflåten skulle reknast som tysk krigsbytte (Såleis vart "Stavangerfjord" verande i Noreg under krigen og ei tid nytta som losji- og depotskip i Oslo. Tyskarane ynskte å bruke



Kaptein Kjeld Irgens i midten

Utlånt av søstrene Lillemo

båten som hospitalskip i Tyskland), og han lukkast med å oppretthalde ordninga med lønstrekk til fordel for pårørende til norske sjøfolk i alliert teneste i uteflåten. Han var ingen føyeleg medarbeider for Quisling, han utfordra ofte tyskarane og NS. 12. juni 1944 vart Irgens avsett som minister, og frå same dag vart departementet hans innlemma i Næringsdep.tet.

Dei gode gjerningane talde likevel ikkje på "dommens dag". Irgens vart tiltala for at han hadde ytt fienden bistand ved å lata seg utnemne til kommissarisk statsråd av Terboven i 1940, ved seinare å ha delteke som

minister i Quislings "regjering" etter statsakten i 1942, og for å ha meldt seg inn i NS og medverka til endring av "rikets statsforfatning". I lagretten vart han dømd til 7 års fengsel, i tråd med påstanden frå statsadvokaten. Begge partane anka til Høgsterett. Der vart Irgens idømd 15 års fengsel. Han fekk nåde og slapp fri i 1949. Kjeld Stub Irgens døydd i 1963.

EPILOG 2.

"Stavangerfjord" var det mest folkekjære skipet til Den norske Amerikalinja, av patriotiske nordmenn gjerne kalla "Atlantehavets dronning". Skipet blei bygd i

Birkenhead i Storbritannia i 1918, men gjennomgjekk seinare mange ombyggingar, slik at tonnasje og passasjerkapasitet varierte mykje. Tonnasjen auka frå 12.977 br.t. ved sjøsettinga til 14.015 br.t. etter ombygginga i 1956. I 1924 blei skipet ombygd frå dampskip til rein oljedrift. Samstundes vart 1. klasse fjerna. Grunnen til det var at det var først og fremst fattigfolk som reiste i denne perioden, og det var rein forteneste å fjerne 1. klasse. Først ved ombygginga i 1946 fekk ein att reine 1. klasse lugarar på skipet. Passasjerkapasiteten varierte såleis frå om lag 700 til 1300.

"Stavangerfjord" tok opp att transatlantisk rutetrafikk etter krigen. I 1953 var det stor dramatik. Under eit forrykande uver før jul utafør New Foundland vart roret slått tvers av. Med framifrå sjømannskap frå offiserane på brua og maskinistane klarte dei å manøvrere båten sikkert heilt til Oslo hamn, berre ved hjelp av propellane. Skipet kom trygt heim til jul. Heile Noreg, og ikkje

minst i Kvinesdal, følgde ein nøye med på nyheitene under den dramatiske ferda.

I 1964, etter 45 år på sjøen, vart "Stavanger-fjord" seld som skrap til til Hong Kong, (men først etter å ha fungert som hotellskip under dei olympiske sommarleikane i Tokyo). Ulike kjelder avvik noko m.o.t. tal; nokre hevdar at "Stavangerfjord" alt i alt kryssa Atlanterhavet 768 gonger, andre 770 gonger (dvs. 385 gonger tur/retur), og at båten alt i alt frakta over 400.000 passasjerar over Atlanterhavet.

Kjelder:

"Agder" og "Flekkefjordsposten", årg. 1934.
Norsk biografisk leksikon
(Kunnskapsforlaget).
NorgesLexi (Norsk politisk dokumentasjon på internett).

Stor takk til alle informantar og kontaktpersonar:

Marie Lillemo Tønnessen, Astrid Lillemo Overskeid, Kjell Gullestad, Inger og Mathias Reiersen, Oskar Gusevik, Bendik Gusevik, Ellen Moi Aamodt, Thale Adolfsen, Gerd R. Braudeland og Johannes Hamre.

Kvinesdal; libris

Nesgaten, 4480 Kvinesdal
Tlf: 38 35 01 00 | kvinesdal@libris.no
www.libris.no

Familien Samuelsen i Norge og USA

Av Janet Worel

Teksten er oversatt til norsk av Tom Kleve.

Jeg heter Janet Worel og er et ganske passivt medlem av deres historielag. Jeg har mottatt deres årsskrift i mange år, men er først nå i en situasjon der jeg kan lese litt i dem. Jeg har vært i kontakt med Anne Berit Erfjord i forbindelse med kjøp av boka "Mange bekker små", og hun foreslo at jeg burde skrive en artikkel om mine aner fra deres område. Min første tanke var å prøve å skrive det på norsk, men hun forsikret meg at de fleste av dere kan lese engelsk, og det er klart lettere for meg.

Jeg føler meg knyttet til deres område fordi min fars foreldre ble begge født i deres distrikt og utvandret til USA. Min bestefar ble født i 1860 på Håland gård i Feda, og min bestemor ble født i 1872 på Biktjørn gård i Kvinesdal. Jeg tviler på om deres familier kjente hverandre i Norge selv om jeg ikke er sikker på det. Begge levde i en tid da utvandring til Amerika var vanlig i Norge spesielt hvis det var mange barn i familien og få muligheter i Norge. Begge besteforeldrene mine hadde eldre søsken som hadde kommet til

Amerika tidligere. Begge kom til Milwaukee, Wisconsin, som enslige, for å slå seg sammen med en bror/søster, som må ha rapportert om gode muligheter der. De traff hverandre i Milwaukee og giftet seg der. Kanskje var røttene deres til samme distrikt i Norge del av tiltrekningen?

Min bestefar het Anders Severin Samuelsen. Hans foreldre var Samuel Lars Ulriksen (1819–1888) fra Sveigenes, Feda, og Sara Tobine Andreasdr. (1821–1877) fra Håland i Feda. De giftet seg i 1843 og fikk 4 barn; 3 gutter og en pike. De bodde i Brn 17 på Håland, rett ovenfor Fedafjorden, der Samuel ble født. Jeg vil anta at Samuel var sjømann siden all 3 guttene ble sjømenn og bodde rett ved Fedafjorden.

Den eldste gutten, Lars Ulrik Herman, ble født i 1856 på Håland. Det var sannsynligvis han som skulle arve familiegården på Håland, siden han var den eldste. Han forble i Norge mens han seilte mye som sjømann. Han giftet seg med en kvinne som het Gunda. Han var sjøkaptein og ble rapportert død av gulfeber utenfor kysten av Brasil i



Anders Samuelson.

han. Hun var datter av Martin Hansen og Anne Gundersdr. De bodde resten av sitt liv i Milwaukee og oppdro 4 barn, Sophia, Herman, Mabel og Arthur.

Anders, den tredje sønnen og min bestefar, ble født i 1860 på Håland. I sin ungdom arbeidet han trolig som sjømann med sine to eldre brødre og kanskje faren også. Ingenting sikkert er kjent. Det virker som han holdt kontakten med Andreas i Amerika, som må ha oppmuntret han også til å komme. I 1888, 28 år gammel, 5 år etter hans brors ankomst, aksepterte Anders invitasjonen og slo seg sammen med han i Milwaukee i april samme år. Faren hans døde denne høsten i Norge. Ett av fartøylene som Andreas eide og som de seilte med



Brødrene Samuelson:
Herman, Andreas og Anders.

1897. Gunda giftet seg igjen og i 1900 bodde hun i Flekkefjord med hennes nye mann, Remie K Kvale, en tømrer som var født på Kvale i Herad-området. På grunn av at de tre andre søsknene hadde utvandret før dette, og begge foreldrene nå var døde, ble Hålandgården solgt. Jeg har ikke lenger noen direkte familiebånd der.


Den nest eldste gutten var Andreas, født på Håland i 1858. Han var kjent som kaptein Andreas Samuelson og var en suksessfull sjømann i Norge. Likevel i 1883, 25 år gammel, utvandret han til Amerika, til Milwaukee, Wisconsin, der han prøvde ut sine sjøkunnskaper på Lake Michigan. Han giftet seg Maren Hansen i 1887 som hadde utvandret til USA ett år før

Marie Samuelson.



var "Stafford". Anders fikk seg en jobb som vaktmann i løpet av vintermånedene mens Lake Michigan var frosset igjen.

Den yngste av søsknene var en jente, Sara Tobine Samuelson, som ble født i 1866, også på Håland. Hennes mor døde da hun var 12 og hennes far da hun var 22. Da hadde Anders og Andreas allerede immigrert og hun fortsatte trolig å bo på Håland og sannsynligvis stelte huset til sin gjenværende bror, Lars Ulrik Herman. Han hadde reist mye på sjøen og giftet seg til slutt. Kanskje følte hun seg ikke til nytte mer, ingen utsikter til ekteskap og hadde ikke arverett til eiendommen. Hun bestemte seg for å immigrere i 1895 og dro til sine andre brødre i Milwaukee.



Båten "Stafford".

Min bestemor het Abel Marie Johannesdr., som ble født i 1860. Foreldrene var Johannes Tobias Johannesen Ågedal (1829–1917) og Anne Sørensdtr. (1837–1910) som bodde på Biktjørn i Kvinesdal. Hun var den fjerde av seks søsken. Guttene i familien var Johan (1860), Vodju (1863) og Jakob (1875). De ble alle boende i Norge. Imidlertid utvandret Marie og hennes to søstre til Amerika.

Thrine (1868) immigrerte til Milwaukee, Wisconsin, i 1888 og giftet seg der med Nils Peder Nilsen i 1891. Abel Marie fulgte etter i 1893 som enslig tjueåring. Hun bodde trolig hos dem. Den yngste søstren, Bertina (1879), kom også senere, i 1900, og slo seg sammen med dem i Milwaukee.


Så både Anders og Abel Marie ble

Bryllupet til Marie og Anders.

ble født der: Anna, Samuel (min far) og Sarah Hedvig. "De seilende brødre", Anders og Andreas fortsatte å seile Lake Michigan. Men sjøfartsvirksomhet fikk tilsynelatende en knekk da sjømennene mistet en last med uforsikret last i en storm. Dette var trolig et stort økonomisk tilbakesteg. Anders må ha blitt nedslått i forhold til seiling siden han kort tid etter forandret yrke til bonde og flyttet med sin familie til Nord-Dakota for å drive gårdsbruk der. I 1905, da Anna var sju, Sam fem og Hedvig to år tok de toget til White Earth i Nord-Dakota. De kom fram sent på våren, og Anders må ha kommet dit tidligere for å sette opp et hus med et par rom. De tok møblene med seg. Huset lakk den sommeren, og møblene ble fuktskadet. Den høsten isolerte Anders huset med torv. Anders sin søster, Sara, kom et par år senere og styrte gårdsdrift på sin egen tomt i underkant av en kilometer fra Anders og Marias plass. Hun likte ikke så godt å bo der, og retur-

boende i Milwaukee og må ha møtt hverandre en eller annen plass på et eller annet tidspunkt siden de giftet seg i Milwaukee i 1897. Abel Marie hadde vært der i 4 år, og Anders hadde kommet 9 år før de giftet seg. Hun ga da slipp på navnet Abel og hette Marie resten av livet.

Anders og Marie ble boende i Milwaukee og tre av deres fire barn

*Hjemmet i North Dakota.**Sarah, Marie og Maren.*

nerste til Milwaukee. Hun solgte tomta i 1913 til Anders og Marie. Arnold, deres siste barn, ble født der i 1912.

Livet var ganske vanskelig – eller faktisk svært vanskelig på prærien, trolig både for Marie og Anders. Marie hadde bodd nær søsteren sin i Milwaukee og måtte reise fra venner og kirkeaktiviteter i det området. Hun var en meget sosial person, så det må ha vært ensomt på prærien. Anders sine ferdigheter var innen fiske, ikke gårdsdrift. Også værforholdene gjorde gårdsbruk vanskelig. Mange års tørke brente opp avlingene, hovedsakelig hvete, og de fikk ingenting igjen for sine anstrengelser. Hvert år hadde de store forventninger om at ting skulle bli bedre – men de ble vanligvis verre. Anders hadde åreknuter, og det var vanskelig for han å gå bak oksene og trekke ploegen. Han måtte forbinde bena sine hver kveld før han la seg. Senere gjorde nervebetennelse og revmatisme han arbeidsufør. Anders likte å arbeide med sine hender om vinteren. Han likte å lage små tepper og bake brød. Til tider kunne Marie komme seg unna vinteren ved å besøke Milwaukee og ta de yngre barna med til en nærliggende by.

Selv om livet på prærien var hardt, så trivdes familien på mange måter. Alle fire barna utviklet en entusias-

me for å lære. Det begynte med deres tilstedeværelse ved et rom i skolehuset i nærheten, og alle tok senere arbeid innen høyere utdanning.

Anna, den eldste, ble lærer, og bodde det meste av sitt liv i nærheten av Chicago. Hun giftet seg med Phillip Andersen og oppdro seks barn. Hun fulgte Marias eksempel og gjorde en stor tjeneste for hennes kirke.

Samuel, min far, ble først lærer og deretter lege. Han åpnet sitt eget sykehus i 1939 nær Minneapolis. Han giftet seg med min mor Hilda Hoisve, som var født nær Trondheim, og reist ut da hun var et lite barn. Jeg har en eldre søster, Phyllis Peterson, fra Palm Desert California som har gjort mye av slektsgranskingen. Min nest eldste

søster er Nancy Dokken, som bor i Benson Minnesota. Hun er massasjeterapeut. Jeg er den yngste og bor nær Minneapolis. Jeg ble nylig pensjonist etter å ha arbeidet som sykepleier ved sykehuset min far startet. Vi er alle gift og har barn og barnebarn.

Sarah Hedvig, det nest eldste barnet ble også lærer. Hun var eventyrlysten og underviste en tid i Juneau i Alaska. Hun var en stråle av lys for sin familie og venner, men livet endte tragisk og altfor tidlig i 1931 da hun døde. Det skjedde i Arizona der hun var i rekonvalens etter tuberkulose.

Arnold, den yngste, var en fremragende mann som utdannet seg til journalist. Han reiste mye i depre-sjonsårene, haiket og levde da et omflakkende liv. Dette skaffet han mye å skrive om. Han tilbrakte til og med et år med Ernest Hemingway og er anerkjent som Hemingways eneste kjente student. Han bodde mye av sitt liv i Texas og fikk to barn med sin kone Vivian.

Etter at Hedvig døde, kunne Marie og Anders ikke takle prærielivet. Deres sorg var for stor. De tilbrakte sine siste år i Minneapolis.

Marie skrev med sin niese, Anna Martine Biktjørn Basgård, som fortsatt bor i deres område, nå på pleiehjemmet. Martines far var Vodja Johannessen Biktjørn. Maries bror har velvillig gitt noen av brevene som Marie skrev til henne. Dette ga oss mye verdifull innsikt. Hun var ivrig etter å få informasjon som Martina kunne gi henne om sine kjære i Norge.

Vi korresponderer også med Arentz Håland, og fjernere slektninger på Anders sin side. Arentz har sendt oss helst spesielle detaljer om Hålandgården.

Jeg tror jeg er i slekt med mange av dere. Hvis noen har opplysninger om min familie, ville det være interessant å få høre det. Skriv til: Janet V. Worel, 10930 Holly Lane, Osseo, MN 55369 eller send en e-mail til jworel@aol.com

Bestemor mi og landbrukspolitikken

Av Jostein Røyseland

Sjølsagt har eg og to bestemødre. Men det er bare Karen Tobine (1897–1974) som eg forbinder med landbrukspolitik.

Karen Tobine blei fødd på Øvre Røynestad. Hun hadde 4 søsken. Ole overtok hjemmegården Øvre Røynestad, Inger Tonette giftet seg med Svend Elias på Narvestad, Samuel rydda gård i Syråsen, og Edvald emigrerte til USA, og blei farmer der. Alle ble de bosatt på et gårdsbruk. Det samme gjorde Karen Tobine. I 1917 blei hu gift med Johan Røyseland. Sammen fikk de 8 barn. I 1929 kjøpte de heimegården til Johan på Røyseland.

Bestemor hører med til de gode barndomsminnene. Eg kan se for meg bestemor med lang stakk og førkle, sittende på en krakk og skrelle poteter og gulrøtter til søndagsmiddagen. Kjøttsuppa som bestemor lagde snakke vi enda om. Eller eg kan se for meg bestemor på kne i jordbæråkeren. Det beste vi ungene kunne få var lefse og rørte jordbær.

Ungene til Karen Tobine etablerte seg i USA, Sandnes, Stavanger, Kongsberg og en i Kvinesdal. I 1969 skreiv bestemor brev til sin bror

Edvald, som var utvandret til USA. Her skriver hun:

"Mangt er forandret siden du var hjemme i 28. Heima er far og mor borte, på Tupten er det tomt, likeså i Bimle og Derude. Her sidder jeg alene, og det er tomt og utrivelig. Men det er livets gang. Jeg har 8 barn, men ingen passer det for aa ha gården. Det er for lide fortjeneste".

Bestemor tenkte nok lite på at hu beskrev en ønsket og villet utvikling. Etter krigen var det stort behov for arbeidskraft i landet, og en måte å skaffe denne på, var å mekanisere landbruket. Middelstet for å oppnå dette var å regulere lønnsomhet i landbruket, slik at arbeidskraften søkte seg over til andre og mer lønnsomme næringer.

Lite visste hu om at i 1974 skulle vi få Hitraaksjonen, og i 1976 det historiske opptrappingsvedtaket i Stortinget om heving av bondens inntekter opp til industriarbeidernivå.

Nei bestemor var opptatt av at gården var blitt for liten til å leve av. Og dette var en typisk gård i Kvinesdal på femti- og sekstitallet: 1 hest, 2-3 kyr, 10-15 sauer og noen høner. Og en mann som jobbet på anlegg, på Knaben eller i Amerika.



MX SPORT KVINESDAL

NICO SENTERET, 4480 KVINESDAL

Tlf. 38 35 05 04, Fax 38 35 05 04



Bak fra v.: Johan, Bergit, Ole, Andreas.

Foran fra v.: Tonny, Karl Johan, Karen Tobine og Inger Marie.

I dag er den typiske gården i Kvinesdal noe helt annet. For det første er det blitt langt færre av de. Nå er det bare 125 bruk igjen i drift i kommunen. I 1949 var dette tallet 950. Samtidig er gårdene blitt mer spesialiserte, og hovedproduksjonene er melk og kjøttproduksjon på sau og storfe.

Hvordan har denne utviklingen vært, og hvordan var så landbruket i Kvinesdal i tida rett etter krigen. Endringene har vært dramatiske, og

ennå har vi folk som kan huske og fortelle om disse endringene. Vi finner og mye spennende informasjon om dette i landbukstellingene. Disse blei tidligere gjennomført med 10 års mellomrom. De var svært detaljerte, og gir et spennende tidsbilde.

På denne tida hadde vi ikke fått storkommunen Kvinesdal, slik at vi har tall som er mer detaljerte enn i dag.

Det første som slår oss er det store antall bruk som er i drift i

Tabell 1. Gårdsbruk i Kvinesdal 1949.

Kommune	Antall bruk over 5 da	Vann kjøkken	Vann fjøs	Begge plasser	Utslagsvask	Strøm til lys	Strøm til koking	Strøm til varme	Kjørevei til bruket
Feda	153	43	47	32	49	84	73	41	137
Kvinesdal	587	199	290	169	208	485	402	222	532
Fjotland	210	76	125	69	84	158	149	59	178
SUM	950	318	406	270	341	727	624	322	847

Tabell 2. Antall gårdsbruk i drift, gruppert etter størrelse

Areal	1949	1959	1969	1979	1989	1999	2005	2006
5 - 20 da	376	236	132	108	64			7
20 - 50 da	503	456	338	238	154			14
50 - 100 da	64	86	100	103	82			37
100 - 200 da	7	10	15	24	50			32
Over 200 da				5	9			35
Sum bruk over 5 da	950	788	585	478	359	220	134	125
						(over 10 da)	(over 10 da)	(over 10 da)

1949. Det er ikke tvil om at dette beskriver et jordbruksamfunn der det er landbruket som er grunnlaget for bosetting og inntekt.

Vei, vann, strøm, avløp tar vi i dag som noe selvsagt ved all husbygging. Men vi skal altså ikke lenger tilbake enn til 1949 før det ikke var slik, og det måtte undersøkes i jordbrukstelingen.

Innlagt vann var ikke selvsagt. Det var bare 270, dvs. 28 % som hadde den luksus å ha vann både i fjøs og kjøkken. Vi ser og at det var flere som hadde vann i fjøs enn i kjøkkenet. Dette var ikke så unaturlig, for vannforbruket er mye større i fjøset enn i kjøkkenet, og ofte var fjøsstellet kvinnfolkarbeid.

Utslagsvask på kjøkkenet var heller ikke vanlig. Det var altså mange som måtte bære vannet både inn og ut.

Strømmen var dyr i 1949, i hvert fall sett i forhold til inntekten. Derfor måtte den spares på, og ved var et godt alternativ til oppvarming og koking.

Vi ser at fremdeles er det 24% av brukene som bruker parafin til

belysning, og hele 66% som bare bruker ved til oppvarming. Og på denne tida var det fremdeles over 10% av gårdene som ikke hadde bilvei til bruket.

Etter krigen har såkalt strukturalisering vært en ønsket utvikling i landbrukspolitikken i Norge. Dette er et finere ord for nedlegging av de små bruka. Dette har og satt sine tydelige spor i Kvinesdal.

Vi ser at vi har hatt nedgang i bruk i hele perioden. Det er naturlig nok de små brukene som er blitt borte. Som oftest har jorda blitt leid bort til en nabo. I dag er antall bruk i drift bare 13% av antallet i 1949. Vi har nå hele 35 bruk over 200 da, og av disse er 4 bruk større enn 400 da. På landsplan har antall bruk blitt redusert fra ca 155 000 i 1969, til ca 55 700 bruk i 2004.

Det er klart at dette har forandret kommunen. Jeg kan huske fra da jeg startet å drive med sau på begynnelsen av åttitallet. Da var det enda over 400 bruk igjen i drift. På denne tida var slåttåna en felles

Tabell 3. Oversikt over utvikling i bruk av jordbruksareal i Kvinesdal

Areal	1949	1959	1969	1979	1989	2002	2005
Hvete	174	18	1				
Bygg	57	804	405	420	368	260	240
Havre	681	38	43	188	84		
Grønfor/ silovekster/ nepe/kålrot	569	427	288	200	431		
Potet	1484	1218	772	450	109	34	30
Grønsaker	41	61	35	62	14	35	0
Jordbær	2	8	22	156	65	37	29
Bringebær	5	3	4			0	0
Annet		426	326	78			
Eng til slått, fulldyrka	16100	15 934	13 652	12064	15353		
Eng til slått, overflatedyrka og natureng	1807	1 372	450	1204	472		
Kulturbeite, fulldyrka	926	1593	2677	1937	1403		
Kulturbeite, overflatedyrka og natureng	1362	2930	2714	2978	1966		
Jordbruksareal idrift	25909	24832	21286	19981	20344	22815	21728

opplevelse for alle i landbruket. I dag er det få igjen, og driftsformen er så endret med mye rundballing og lite høyproduksjon, at nå skjer slåttene nesten sammenhengende fra begynnelsen av juni til slutten av september.

Landbruk er avhengig av areal. Mengden og bruken av det dyrka arealet har endra seg i tida etter krigen.


Det første vi ser er at totalarealet minket fra 1949 til 1979. Det var det tungdrevne og marginale arealet som ble tatt ut av bruk. Både hele

gårdsbruk, og deler av gårdsbruk. Midt på syttitallet fikk vi det berømte opptrappingsvedtaket, og dette førte til bedre lønnsomhet i landbruket, og vekst i areal pga oppdyrking. I dette århundre har vi igjen fått nedgang i dyrka areal i kommunen.

Det andre viktige poenget i denne tabellen gjelder potetdyrking. Fra å være noe som alle dyrket, er poteten blitt en relativt uvanlig vekst i Kvinesdals jord. Fedon Lindberg burde være lykkelig.

For det tredje ser vi at mangfoldet er mye mindre i dag. Korndyrking er

Bak fra v.:
Karen Tobine, Tonny,
Ingeborg, Inger Marie,
og Johan.
Foran fra v.: Bergit, Ole
og Karl Johan.



redusert til noen få produsenter, og det dyrkes bare forkorn. Grønnsakproduksjon er slutt, men det er igjen noe jordbær dyrking.

Endringene i landbruket henger mye sammen med mekanisering. Det manuelle arbeidet er erstattet av traktorer, melkemaskiner, og forhøsting i utmark er erstattet med innkjøp av kraftfor.

De første traktorene var så vidt kommet til Kvinesdal i 1949. Men det er hesten som fremdeles er trekraften i landbruket. Den store


endringen skjer mellom 1969 og 1979. Det er på dette tidspunkt hesten blir satt på stallen. Og det blir bygd garasje til traktoren.

På landsplan økte antall traktorer fra 1939 til 1973 fra ca. 3000 til ca. 120 000. I samme perioden ble antall hester redusert fra ca. 200 000 til ca. 30 000.

Endringene i landbruket har vært store siden 1949. Er så dette en god eller dårlig utvikling? Alle de som har opplevd slitet med et gammel-dags manuell landbruk er nok glad for at slitet er borte. Og at det tunge

Tabell 4. Hester og traktorer i Kvinesdal.

	1949	1959	1969	1979	1989
4 hjuls	6	68	66	303	498
2 hjuls	1	23	21	99	52
Arbeidshester	264		153		
Andre hester	104				
Sum hester	368	275		70	72



Høysvansen er nå parkert hos de fleste

Utlånt fra forfatteren.

arbeidet er overtatt av maskiner. Samtidig er landbruket blitt kapitalkrevende og avhengig av innkjøpte maskiner og kraftfor, og sårbart for renteendringer.

Det har vært vanlig å tenke seg at bøndene ville være sjølbergende, og at dette var et mål i seg selv. De produserte den maten de trengte, og laga sjøl de klær, redskap og alt annet de hadde bruk for. Hver gård var en økonomisk enhet som hadde lite eller ingen ting felles med andre gårder, med andre bygder eller med byen og utlandet. Handel ble bare gjort når det var nødvendig.

Men sammenhengener nok en

annen, ellers ville vi fremdeles hatt sjølbergings-jordbruk. *Målet for bonden var å produsere det som svarte seg best.* Så lenge arbeidskrafta var billig og innkjøpte varer dyre, så var sjølforsyning en fornuftig tilpasning. Ut over det ble gårdsdrifta og arbeidet ble innretta på de produksjongreiner som ga størst utbytte og på de varer som hadde lettest avsetning. For Kvinesdal betydde det at innsatsen i skogen varierte med tømmerprisen og stavprisen. Salg av smør var nødvendig før meieriet kom og tok imot melk. Blei lønnsomheten i landbruket for dårlig, blei det nødvendig med arbeidsvandring til USA, anleggsdrift eller Knaben. For

mange endte det opp med at landbruket ble nedlagt og jorda solgt eller leid bort.

I dag ser vi at noe viktig er blitt borte med de endringene som er skjedd. Masse-produksjon av mat er blitt effektiv og billig, men samtidig viser det seg at folk vil ha noe mer enn en standardvare på Rema eller Rimi. De vil ha en opplevelse og nærhet til maten. Torvløbakkan Gard har gjort den gamle bondekosten til festmat, og fekk i 2006

Bygdeutviklingsprisen for Vest-Agder. De har spesialisert seg på Fjotlandskost og egenprodusert lokal mat. Mens maten før var noe vi måtte ha for å overleve, er mat nå blitt opplevelse og kultur.

Så hadde nok bestemor rett i 1969 i at inntjeningen var blitt for liten på de små gårdene i Kvinesdal. Men arealene bruker vi fremdeles, og landbruk vil vi alltid ha, som produsent av opplevelse og mat, kulturlandskap og rekreasjon.

120 GRATIS PARKERINGSPLASSER

9 – 21 (20) KVINESDAL

COOP
prix

Svermarar med oppbretterme

I svingane heldt han og stilen

*blinka med klyper i buksebeina
til høgre eller venstre
eine foten eller andre ut
alt som det høvde
plinga når han traff på folk*

*er det den karen
ropa dei etter han på grusen i kveldinga*

*det var ho og han var det ho og han
to kvite sommarfuglar klokka ti
berre han fekk parkert skikkeleg*

Randi Hjemlestad

Då langebrød med sirup var livet

*Ho gjekk eigne vegar
 gjerne heilt til leitet*

*jaja han er fin i dag du
kunne ho seie til grantreet*

*eg har halde ein tusentapp i sju sekund
kunne ho kviskra til storesteinen*

*til folk med nymotens televisjon i hus
hadde ho berre to ord*

reinhekla toskeskap

Randi Hjemlestad

Sørlandets gymnas og realskole

Om Edvin Flikeid og skulen hans

Av Ingvar Olimstad

«Sørlandets gymnas og realskole.» For eldre kvindølar ligg det ein aura over dette namnet, og rundt om i landet lever det mange som minnest travle, men gilde skuledagar i bygda. Det var i åra 1946–54 at denne skulen heldt til i Kvinesdal. Då var det liv og røre i bygda. Skulen og bygda blei kjend over heile landet, og frå landsende til landsende strøymde ungdommane hit. Her kunne dei ta realskulen på eitt eller to år, og dei kunne gjera seg ferdig med gymnaset på like kort tid. Det var elles bare i Oslo og Bergen ein då hadde høve til å ta artium på eitt år. Eittårig gymnas på reallinja var det bare Oslo og Kvinesdal som hadde. Mange av elevane som kom hit, hadde mista skuletid i krigsåra. Nå gav «studentfabrikken» i Kvinesdal dei høve til å ta att noko av det forsømte.

Eigentleg var det ganske modig å starta opp ein slik skule i Kvinesdal då. For kva slags bygd var dette og mellom kva slags folk skulle ein driva denne skulen? Ragnar Kvam, den kjende forfattaren, dreiv realskule i Kvinesdal under krigen. Det blei ein del diskusjon og lause rykte om bruken av skulepengane som elevane betalte, og det var truleg

det som var årsak til at «bedehusbygda» fekk sitt pass påskrive i ein artikkel Kvam skreiv i Dagbladet. Endå skarpere i kantane var han i Flekkefjordsposten 20. nov. 1945 etter ein lynvisitt i Kvinesdal:

....«Har jeg lyst til å reise tilbake?
Gleder jeg meg eller gruer jeg meg?
Vil man ikke alltid være både glad
og redd i Kvinesdal?

Hvorfor redd?

Redd fordi den grønne gift av sladder (som man i alminnelighet hever seg over) skal velte seg rundt en og kryste sjelen ut av kroppen – slik at en må flykte hals over hode fra fordommer og skitt og lort.

Hvorfor glad?

Glad fordi Kvinesdal er den vakreste bygd i Norge!»

Fire dagar seinare følgde signaturen «T» opp:

«--- At sladrebøttene her i dalen er mer utspekulert ondskapsfulle og oppfinnsomme enn noe annet sted på kloden, det er sikkert. For her kan en i en blunk sladre innvoldene ned i treskoene på en mann uten å skjønne det usannsynlige i en slik transaksjon.»

Slik hadde altså ein skulemann opplevd Kvinesdal, og ein skulle tru at etter dette ville ingen våga å setja i gang ein ny privatskule her i dalen. Men det gjorde Edvin Flikeid.


Edvin Flikeid

Lang og ulenkeleg, «Sørlandets lengste skolebestyrer,» kalla ei avis han, alpelua trekt nedover den høge panna, hovudet noko på skakke, Speed-sigaretten i munnvika, ein alvorssmann med milde drag og

varme i blikket. Slik minnest eg Edvin Flikeid.

Nils Edvin var døypenamnet på bondesonen frå Flikkeid. Den 6. juni 1908 blei han fødd, så neste år kan ein markera hundreårsdagen hans. Foreldra var Lars Tobias Flikeid (1855–1937) og Nette Elisabeth f. Netland. (1864–1948).

Før Lars Tobias overtok garden i 1891, var han i 20 år tømmermann på seglskuter og farta vide omkring i verda, m. a. var han fleire turar i



*Flikkeid.
Foto frå 1925.
Utlånt av Else
Marie Flikeid.*

*Edvin Flikeid som student.
Foto utlånt av Karin Flikeid.*



Sør-Amerika. Ennå finst det ei komplett skipskiste etter han i familiens eige, og ein må tru at innhaldet i den og alt det han hadde å fortelja frå framande land vekte både utferdstrong og lærelyst hos barna. Han var elles ein svært praktisk mann som bygde seg både sag og bøkkerverkstad. Bøkkerutstyret hans kan ein ennå sjå på Flekkefjord museum.

Nette Elisabeth var skreddar og seinare husøkonom ved Moi's Hotel i Flekkefjord, før ho blei gardkone.

Flikkeid ligg ved Lundeavatnet, midt mellom ytterpunktene for rutetrafikken på vatnet: Gardane Øvstefjellså i gamle Nes kommune og tettstaden Moi i Lund kommune. Når folk frå Moi og frå Sirdal og grenedene langs Sirdalsvatnet tidlegare skulle reisa til Flekkefjord, kom dei med rutebåten «Nøkken», og på Flikkeid var det omlasting av folk og fe og gods. Den gamle ridevegen, kongevegen, gjekk over garden. Gardshuset til Lars Tobias og Nette Elisabeth hadde tidlegare vore skysstasjon. Under bygginga av jernbanen fungerte det som eit slags pensjonat.

Det var så mykje på denne garden som kunne pirra interesser og lærelyst hos ein gutunge. Edvin var ein bokorm som alt i guttedagane las utruleg mykje. Den interessa følgde han i vaksne år, og han samla seg

ei boksamling på mellom 4000 og 5000 bøker. Han måtte ut for å få vidare skulegang. Examen artium tok han som privatist på reallinja ved St. Hanshaugen skole i Oslo. Det var i 1927. Så studerte han psykologi, historie og antikke språk, før han kasta seg over teologistudiet. I 1934 var han ferdig cand. theol. Pedagogisk seminar gjorde han seg ferdig med i 1939. Men Edvin Flikeid blei eigentleg aldri ferdig med å studera. Midt opp i det hektiske skulearbeidet fann han tid til å lesa ungdomspsykologi. Det kunne koma godt med i arbeidet med ungdommar. Men så kunne han kopla skulearbeidet heilt ut og kasta seg over studiar i det gamle indiske språket sanskrit og i etiopisk. Og hadde han

troug for endå meir avkopling, fann han glede i å studera gamle, sjeldne trykk, eller han grov seg ned i slektsgransking. Det siste opptok han meir og meir di eldre han blei.

Men det var skulemann han ville vera, og han såg det som si store oppgåve å gjera det lettare for landsungdom å få vidare skulegang.

Det starta på Flikeid

Den nybakte teologen reiste heim og sette i gang eit kombinert


artiums- og realskulekurs i stova i heimehuset på Flikeid. Dette var eigentleg den spede starten til «Sørlandets gymnas og realskole», sjølv om namnet ikkje kom i bruk før fleire år seinare. Til saman var det kring 10 elevar. Eit par av dei reiste kvar dag med tog frå byen, men dei andre budde på hyblar på småbruka i grenda. Måltida hadde dei i skulegarden, og der hjelpte alle på garden til, ikkje minst foreldra til Edvin. Søster hans, Grethe, fungerte som «bestyrerinne». Lærarane var til



Heimehuset på Flikeid. Huset frå 1920 er bygd utanpå grunnmurane til det gamle gardshuset. Her heldt Edvin Flikeid skule i 1934-35. Stova til høgre var undervisningsrom. Stova til venstre var matsal. Foreldra til Edvin budde også i eit rom i 1. etasje. I andre etasje hadde skulestyraren to rom og «bestyrerinnen» Grethe Flikeid (seinare gift Homme) hadde to rom. Dessutan var der tre rom for lærarar og gjester. Anna Regine Bjerknes som seinare blei gift med Edvin, budde i eitt av desse romma.

Foto frå 1950. Utlånt av Else Marie Flikeid.

Bryllaupsbilde av Anna og Edvin Flikeid. 1942. Foto utlånt av Karin Flikeid.



dels gjestelærarar, men full stilling hadde den unge Anna Regine Bjerknes (1913–1991). Ho hadde tatt ex. artium som preseterist på latinlinja i Drammen

I det vesle samfunnet voks det fram eit sterkt samhald i flokken. Det gledde Edvin Flikeid å sjå at det gjekk godt med elevane seinare i livet. Mange gjekk der for å samla nok poeng til å koma inn på lærarskulen, men der var òg både dokter og prest som kunne sjå tilbake til skuletida på Flikeid. Dei må ha fått god ballast med seg denne vinteren.


Sørlandets Pensjonatskole

Så bar det til Flekkefjord. Her fekk han leiga den praktfulle eigedommen «Sølyst», og han starta Sørlandets Pensjonatskole der. Det var både gymnas og realskule.

Mellom lærarane var Morten Ringard, han som seinare dreiv sin private realskule i dei same bygningane. Ein annan lærar som etter nokre år kom dit, var Anna Regine Bjerknes; ho som hadde vore medlæraren til Edvin på Flikeid. Ho hadde i mellomtida tatt universitetsutdanning. I 1942 gifta Anna og Edvin seg.

Elevane kom frå mange kantar av landet. Dei fleste budde på hyblar inne i byen, men nokre av dei budde på Sølyst, slik ordet pensjonatskole tilseier. Søster Grethe reiste med til Flekkefjord og var husmor for elevane på Sølyst. Ho gifta seg seinare med Olav Homme, flytta til Kvinesdal og hadde ymse arbeid på broren sin skule då den kom dit.

Som ved alle pensjonatskular, verserer det ein del historier, og i Flekkefjord handlar dei mest om vill-



Jens Bjørneboe var elev på Sørlandets Pensjonatskole og gjorde mykje av seg der. Her står han på trappa til Sølyst saman med ein dansk operasongar. Foto: Edvin Flikeid. Utlånt av Karin Flikeid.

styringen Jens Bjørneboe, den seinare kjende forfattere. Han var blitt utvist frå skulen i Kristiansand og sendt til pensjonatskulen i Flekkefjord. I romanen «Jonas» skildrar han med breie strøk livet her. Kor mykje som er fri, for ikkje å seia «vill», fantasi, er ikkje godt å seia, men historia om då han og eit par kameratar ei natt kledde seg nakne og bada mellom isflaka i fjorden, skal vera sann nok. Dei var langt frå lydlause, så etter ei stund såg dei «kjøkkenbestyrerinnen og en kokke som kom nedover, med kåper over nattlinnetene og håret nedslått over rygg og skuldrer.» Splitter naken og med stygge brøl hoppar den eine

guten fram og skremmer vettet av damene. «Lynsnart som skremte dyr hoppet de opp gjennom haven. Med høye, mimrende glam forsvant de inn i skolebygningen.» «Kjøkkenbestyrerinnen» var altså Grethe Flikeid.

Men ser ein bort frå slike Bjørneboe-historier, fortel gamle elevar helst om travle skuledagar, målbevisst arbeid og ikkje så reint lite av kulturelt liv dei fekk vera med på. I «Julehilsen fra Flekkefjord» år 2004 har Reidar Brandsberg skrivne om denne skulen.

Skulen gjekk godt og hadde mange elevar, også dei to første krigsåra. Men frampå våren 1942 gjorde tyskarane det vanskeleg. Dei kom med alle sine forordningar og sette fram krav til lærarar i både den offentlege skulen og dei private skulane. Flikeid ville ikkje innordna seg desse krava. Okkupasjonsmakta rekvirerte skulen, og elevane måtte reisa heim.

Bonde

Teologen og skulemannen blei nå bonde. Han kjøpte småbruket Molland i Sør Audnedal. Her greidde han å brødfø seg og Anna Regine, og hit kom mange slektningar på besøk og hadde ei freda stund i ei

vond og vanskeleg tid. Når slektningar og andre som kjende han godt, skal karakterisera Edvin Flikeid, trekkjer dei alltid fram den hjelpsame mannen, han som hadde glede av å hjelpa andre. Det fekk dei oppleve til fulle i denne tida.

På flyttefot

Men han ville tilbake i skulen. Han såg det slik at den skulen han dreiv i Flekkefjord bare hadde fått eit avbrekk, og nå let han skulen gå på flyttefot. Første stopp var Tonstad. Der dreiv han realskule den siste krigsvinteren. Så kom han til Sira i fredsåret og sette i gang eitt- og toårig realskulekurs der. Der var han i to år. Siste året dreiv han skule både på Sira og i Kvinesdal. I skuleplanar og -papir som blei sende ut frå Sira, nyttar han skulenamnet «Sørlandets gymnas og realskole».

Til Kvinesdal

Så kom altså skulen til Kvinesdal. Det var i 1946. I dei åtte åra som følgde, sette skulen på mange måtar farge på bygda. Aldri før hadde kvinesdalsungdommane hatt så rikt høve til å ta vidare utdanning, og mange gjorde det. Så var det i tillegg dei mange tilreisande ungdommane som kom til å prega skule-, ungdoms- og idrettsmiljøet i bygda.

Lektor Ingvaldstad. Han og familien budde på «Leseheimen», som Kvinesdal gamleheim då blei kalla. Her arbeider han i kjøkkenhagen. Foto: Jakob Naadland.

På realskulen var det både tre-årige, to-årige og eitt-årige kurs. Den tre-årige realskulen var mest berekna på bygdeungdommar som kom rett frå 7. klasse i folkeskulen. Av dei som tok skulen på to år og eitt år, var mange litt eldre tilreisande ungdommar.

Også på gymnaset var elevane gjerne litt eldre enn vanleg for gymnasiastar, men gjennomsnittsalderen var likevel ikkje meir enn eit par år høgare enn på andre gymnas. Nokre få elevar var over 25 år, og det hende at 16-åringar prøvde seg på det eitt-årige kurset.

Gymnaset var delt mellom engelsk- og reallinje. I dei eitt- og to-årige gymnasklassane kom svært mange langvegsfrå. Fleire år var alle fylka i landet representert i elevflokken. Ikkje få av elevane kom



heilt frå Finnmark. Skulle dei først reisa ut for å gå på skule, kunne dei like godt reisa langt av garde. Såleis kom det tre brør frå Polmak. Det var Anton, Erling og Kjartan Hoem. Fleire av finnmarkselevane var samar. Det hende òg at utlendingar kom til skulen. I 1951 var både Skotland og Island representert i elevflokken. Det var flest gutar. I gymnasklassane var bare 20 % av elevane jenter.

Alt andre året hadde skulen 198 elevar. Ser ein bort frå Oslo og Bergen, var dette den største liknande privatskulen i landet. I åra som følgde, auka talet til godt over 200. Ordet om skulen spreidde seg fort, så det var bare dei første par åra det var nødvendig å driva mykje reklame. Då skulen starta opp det fjerde året, kunne Flikeid fortelja at over to tredelar av elevflokken kom dit fordi dei hadde høyrte kameratar eller kjenningar hadde fortalt om skulen.




«Bitteborg.» Foto frå 1948. Utlånt av Jakob Olimstad.

Nokre få elevar budde på ledige internatrom på fylkesskulen (som seinare blei til Kvinesdal framhaldsskule, og etter det realskule og så ungdomsskule) og nokre budde på gamleheimen i Faret. I dei første etterkrigsåra var det ingen gamle som hadde søkt plass på gamleheimen, så i 1947 leigde Flikeid rom der. Bygningen blei då kalla Leseheimen og hadde plass til 19 elevar. Der var det òg ein lærarbusstad. Lektor Ingvoldstad og familien hans budde der. Elles budde elevane på pensjonat og på hyblar rundt om i kommunen. Folk hadde stor velvilje for skulen, så det var ikkje så vanskeleg å få tak i hyblar, men nokre måtte langt opp i dalføra for å få seg rom. Ein vinter budde det elevar heilt oppe på Oksefjell.

Bitteborg

Det første året hadde ikkje skulen egne undervisningsrom. Undervisninga føregjekk spreidd rundt om i

*Karin Elisabeth Flikeid på trilletur med vogna si framfor Kvinesdal kyrkje. Alle kalla henne for «Bitten», og etter henne fekk skulen namnet Bitteborg.
Foto: Edvin Flikeid.
Utlånt av Karin Flikeid.*



ulike bygningar, m.a. i pinsevenne sitt bedehus i Faret, Salem, i losjelokalet i Lunden, på fylkesskulen og i huset til Harald Hunsbedt på Høgevegen. Den eittårige realskulen heldt til på Øye, så då blei det eit lite skulesenter der òg.

Det var ikkje tilfredsstillande med skule spreidd rundt i så mange lokale og ikkje noko administrasjonsbygg, så ein gjekk snart i gang med nybygg. Fram mot jul 1947 var første byggetrinn ferdig med to store klasserom, kontor, lagerrom o.a.


Då Anna og Edvin Flikeid kom til Kvinesdal i 1946, var dei blitt ein familie på tre. Vesle Karin Elisabeth var fødd same varen. Både familie, elevar og bygdefolk kalla henne for Bitten, og nå fekk den nye skulebygningen namn etter henne: Bitteborg.

I 1951 kom det eit nytt påbygg og ein del ombyggingar med m. a. sanitæranlegg, lærarrom, arbeidsrom for naturfag og ymse anna, og familien Flikeid fekk frå nå av sin heim på Bitteborg. Dei blei etter kvart fire, då Bitten fekk adoptivbroren Per Edvin.

Frå nå av blei all undervisning samla på Bitteborg. Også den eittårige realskulen på Øye blei flytta opp til Faret. Det blei ein stor lette

for både lærarar og elevar. For å greia dette, måtte ein driva skule heile dagen. Avgangsklassane i gymnaset hadde si undervisning frå kl 13,30 til 19,00. Det var slik dei fleste ønskte det, for dermed hadde dei formiddagane til heimearbeid.

Karin Elisabeth, Bitten, ho som var opphavet til skulenamnet, minnest med glede tilbake til barn-domstida på Bitteborg. Klasseromma blei leikestova hennar. Ho var den store kjæledeggen til elevane. Dei gav seg ofte tid til å leika og spela kort med henne. Det gildaste var likevel når ho kunne halda Sofie Faret med selskap. Sofie vaska på skulen og tykte det var gildt å ha ein triveleg jentunge å prata med.



Flikeid sitt store private bibliotek blei nytta som skulebibliotek. Foto Edvin Flikeid. Utlånt av Karin Flikeid.

På dagtid var Bitten ofte med mor si i skuletimane. Då sat ho still som ei mus under kateteret og heldt seg til avtalen ho hadde gjort med mora: Ho hadde bare lov til å nappa henne i skjørtet tre gonger i timen.

Velutstyrt kan ein knapt kalla skulen, men den store private boksamlinga til Flikeid fekk elevane bruka som om det var eit skulebibliotek. Flikeid var tidleg ute med å skaffa smalfilmutstyr, og han fekk dessutan lydbandopptakar til bruk i språkundervisninga. Han tok òg opp mange radioforedrag og andre opplysningsprogram som kunne brukast i skulesamanheng. Heilt frå han var gutunge hadde han hatt stor interesse av kringkastinga som opplysningsmedium, og då han

sjølv var skuleelev, starta han eit radio-opplysningsblad.

Men sjølv sagt var det undervisninga frå lærarane som var den viktigaste. Som regel var det seks lærarar, dei fleste med full lektor-kompetanse, i heil stilling og tre timelærarar i tillegg til styraren sjølv. Det var nokså mykje skifte i lærarflokken. Nokre var der bare eitt år, medan andre stoppa tre – fire år. Magne Nedrehagen arbeidde endå eit par år lenger og var den av lektorane som hadde lengst fartstid der. Elles er det nok ennå mange i Kvinesdal som har minne om lektorane Ingvoldstad, Sørensen, Haraldstad, Berger, Mesel, Hammersmark, Wølner, Andenes, Langen, Gjertsen-brørne, Syvertsen og andre. Her var mykje fagkunnskap samla.

Straks etter at sokneprest Rudjord kom til bygda blei han knytt til skulen som timelærer. Han var svært interessert i alt som hadde med skulestell å gjera.


Idrett og andre fritidsaktivitetar

Det er klart at når elevane skulle gjera seg ferdig med skulen på så kort tid, og når dei attpå måtte gå opp til eksamen som privatistar og ta eksamensprøve i samtlege fag, blei det meir enn travelt for dei fleste. Likevel var mange med i ulike fritidsaktivitetar både på skulen og i bygda. Hausten 1947 blei det starta eige idrettslag ved skulen med fennrik Sverre Bøen som leiar. I åra som følgde sette dette idrettslaget farge på mange idrettsstemne i agderbygden. Fleire av medlemmene kom til

å hevda seg mellom dei fremste idrettsutøvarane i landsdelen. Vi minnest den allsidige Jakob Naadland, kretsmeister i mangelkamp og dominerande mellomdistanseløpar på Sørlandet. Jakob Vaskinn og Sigurd Verdal er namn som stadig dukkar opp i sportsreferata frå langrennsarenaene, og endå oftare finn ein namnet Ragnvald Nilsen. Finnmarkingen Ragnvald Nilsen var svært allsidig. Han konkurrerte både i langrenn, hopp, skeiser og i friidrett. Etter at han reiste frå Kvinesdal var han i mange år med på friidrettslandslaget som deltakar i 3000 m hinder. Då skreiv han seg for Ragnvald Dahl. Mange andre gjorde det skarpt både i friidrett og på ski, og dessutan var mange av skulegutane med på



Nokre av lærarane ved skulen 17. mai 1948. Frå v.: Marna Sørensen, S. Sørensen, fru Ingvoldstad, B. Ingvoldstad, Magne Nedrehagen, Edvin Flikeid. Foto: Jakob Naadland



Jakob Naadland får gullmedalje. Han blei kretsmeister i 5-kamp på Lista i 1949.

Foto utlånt av J. Naadland.

skulelag og eit realskulelag. Aktivitetane i desse laga må ein seia låg på eit høgt plan. Visst hadde elevane mykje moro når dei samlast, men det var meir enn bare «gøy».

Hausten 1947 samlast elevane alt første laurdagskvelden til fellesmøte, drøfta aktivitetar og sette ned nemnder for å få lagslivet i gang.


Andre laurdagskvelden hadde gymnaslaget sitt møte, og programmet var langt frå «lett». Det var professor Ragnar Frisch som heldt foredrag om nasjonalbudsjettet. Etter foredraget var det ordskifte.

Tredje laurdagskvelden var det det kristelege elevlaget som hadde møte.

Slik skifta det utover vinteren. Av og til kom dei saman til fest og

bygda sitt fotballag og skulejenter var aktive handballspelarar.

Det var ikkje bare idrett. Skulen hadde sitt eige gymnaslag med namnet «Minerva», eit kristeleg



Vinnarlaget i Flekkefjordsstafetten 1949 var eit reint skulelag frå Sørlandets gymnas. Frå v.: Nordhagen, Einar Rosendal, Sigurd Verdal, Jakob Naadland, L. Løseth, T. Bærland. Foto utlånt av J. Naadland.

Romantikk mellom raud- og grønuss. Klara Moi og Sigurd Verdal. 1949. Foto J. Naadland.



moro, andre gonger til alvor og ettertanke.

Seinare år kom det andre aktivitetar til. I 1951 får song og musikk ein brei plass. Translatør Georg Gjertsen var lærar ved skulen. Han var ein allsidig mann: Flink organist, dirigent, elektrikar og alt mellom himmel og jord. Nå starta han opp eit blandakor mellom elevane og var sjølv dirigent for det. Andre elevar sette i gang med eit rytmeorkester, og fleire var med i Kvinesdal sitt nystarta hornorkester.

Russetid – «ei blott til lyst».

Vår og russ høyrer saman. Slik var det òg i Kvinesdal. Den raude og grønne russen sette bokstaveleg tala farge på bygda. 17. mai med grytidleg vekking, og utover dagen russerop, russetog og russetale. Det var liv og lausslept glede. Det var skjemt og moro. Men russefeiringa fekk ikkje lov til å ta overhand. Midt i all moroa skulle det òg vera plass

for alvor. Ein måtte ikkje gløyma alle dei millionar av menneske som slika såra etter dei lange krigsåra. Det la russeformann Asbjørn Fidjeland og resten av russestyret, Carsten Bergo, Sonja Rosendal og Egil Lund, stor vekt på då dei la planane for russetida i 1948.

Dette året kom den aller første russeavisa i Kvinesdal ut. «Russ-At(t)om» var namnet. H. J. Lange-land var redaktør og hadde med seg Benny Andersen, Gunnar Kosmo og Einar Rosendal i redaksjonen. Redaksjonen følgde opp styret sine intensjonar og skreiv avisa under mottoet «Ei blott til lyst.» I leiarartikkelen står det at dei har prøvd å la humoren få ein alvorleg bakgrunn. Den ordinære russen og kristenrussen (credo-russen) gjekk saman om å gi ut avisa for «samstundes som dette er gjort for å følge vårt motto «ei blott til lyst», er det et godt eksempel på samarbeid mellom russ og kristen russ, et slikt samar-

MOTTO: EI BLOTT TIL LYST

Russ-At(t)om

Løssalg:

Kvinesdalen

Ju var så ven i din gule haust
å blanda fall frå steinane.
Ju var så fin i den kvite hamn
om glitra i sol og skjærne.

den våren anda sin milde pust
out di mektige bringe.
Det kalde snøharta bråna bort,
og vårsnen drøynde på vinge.

Men no står du kladd i grønne blad
og blomar, så fin og fager.
Gjer mila dug så søl og sår,
lei er vår og ljose dager.

Kvinnen

— Hus de ville av kvinnen et fabel
i orienten et møbel, hos etras-
erne et forkejet barn

— Selv den dyndindigste mann er
fe ved siden av den enkleste kvin-
ne

— Kvinnen er aldri gammel! Kvin-
nen er et dekorativt kjønn. Hun er
offel som serer over ånden, mens
anden er ånden som serer over
skit.

— Det er kvinnen som gir offer-
et, og det er kvinnen som tar det
imot.

— Kvinnen er en av naturens be-
gejste felt.

— De dyr som kaster mest tid
på toiletet er Katten, Huen og
kvinnen.

— Kjærligheten er en sykdom som
zyner med feber, og slutter
ed et døp.

MELBING

Olga Evensen og Anny Østrikken
er begynt med egne pensjonat. De
s mener som vil ha det?

Anerkjennelse

Russavisen vil hverdagslytt ha
å takke på det alvorligste. Inngid-
et for hans kamp som oppøver på
enestevet. — Lovheimens

Er De misfornøyd
med Deres hår og
skjegg, er stude!

Hjalmar Egetand

Ljones
Barber & Frisør



17. mai 1948

(1) Årgang

Vesterdalen går til krig mot russen i Kvinesdalen

— Hienotighetsene begynte idag, morges kl. 9,33

Pastor Sigurdson appellerer til F. N., og Trygve Lie er underveis men må bruke åtte, da flyenes bæreevne ikke strekker til.

En melding fra Herrens Hospis går ut på vestendalvæ troppen manøvrer med Ljones med anerkjennelse. Gens-
gjensidighet settes inn med hant-
s oppsett. En av våre sjøner ser seg ut-
de i bevegelse med flusseliggende
gjensidighet, som etter forlydende er
høyt ærbødige og har en langsomt
bedrivende virksomhet. De mangler
etter de klageende toner til sønnen
«Jeg er så glad for Ljones vest stes
Admiral Herge som vandt påskens
tefte opplegg, et utsett til over-
kommande og med det, i alle
fåre har han forskanset seg et stue
på Amalibæra. Pastor Sigurdson
vil innleie en sørgedøstevne i etter-
middag til 12 Doktorsene Hjemmetid
og Herge har søkt om byggetillatelse
til søkjes i Kvinesdalen og klokke-
ren, fortløft utvokke av Ljones kår-
kredde, men Fiksel, Ingvold og
Hanselund sender magiske skriller
med Vesterdalen. En videre eksp-
ansiverer. Støren og fru Fjellid
med nye henningske vilpen. Lange-
land forsvare som åndelige vilpen.
Men blir overt, da Herge mener å
se og erfarer at hans vilpen i all
ikkje vil strekke til. Langland men-
ne da heller ikke bare sine egne ma-
delige vilpen. Enn kanskje de skal
inn underlig erfarer i å miste? Me-
vel og Herge har fått tak i hver sitt

Et stort møde ble avholdt i kvinesdalen
i går, og med følgende resultat:
1. Det er besluttet at alle
borgerne i kvinesdalen skal
gjøre tjeneste i hjemmetid
i løpet av sommeren.

2. Det er besluttet at alle
borgerne i kvinesdalen skal
gjøre tjeneste i hjemmetid
i løpet av sommeren.

3. Det er besluttet at alle
borgerne i kvinesdalen skal
gjøre tjeneste i hjemmetid
i løpet av sommeren.

4. Det er besluttet at alle
borgerne i kvinesdalen skal
gjøre tjeneste i hjemmetid
i løpet av sommeren.

5. Det er besluttet at alle
borgerne i kvinesdalen skal
gjøre tjeneste i hjemmetid
i løpet av sommeren.

6. Det er besluttet at alle
borgerne i kvinesdalen skal
gjøre tjeneste i hjemmetid
i løpet av sommeren.

Opplag: Svært lite

Minemeldinger

En aut omme er observert i be-
reit til Fiksel. Da den har vært der
tenne, antas den forsvaret. Den er
gjeldt gjengid da den er svært stor og
ligger i linke bak utendp (fjell).
Dermed ikke ransjen for seg av den
vil den snart eksplodere (i stor
puff for skovene).
Søndag meldes om en fiskekue-
vende gjenfort i bakkomne til
Munne. Dette må antas under-
søkes, helst i midten til fjellet for
Rustien.

Opplysningsvesenets

For enkelte som føler seg usikre
til økonomi, har opplysningsvesenets
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Dermed opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

Opplysningsvesenets har
sett ut en reise til å se på opp-
gavene 1948. Matematikk, 5 kr.
Inne blir solgt på svarstevnen i
Kvinesdal for kr. 3,00 pr. kg. Og
sølv til Fiskelag med bil. Her
blir billet og kaffen solgt for kr.
20,000, og kaffen på en bil som
går til Frankrike. Bilten og bilen blir
solgt i Frankrike for 20 mill kroner,
og kaffen blir sendt med fly til
Frankrike.

beid bør utvikles og forbedres, ikke
til forringelse for den ene av par-
tene, men til vokster og framgang
for begge.»

Så held avisa fram med små
skjemtestykke og morosame artik-
lar om bygda sine to store søner,
trubaduren og munnspelevirtuosen
Anders Åmodt, «landets tyngste
skomaker» og dropshandler og gei-
tefarmar Bernt Husefjell. Men
hovudartiklane er meir alvorfulle.

«Hjemmets betydning for samfun-
net» og «Den store frihetskampen»
var titlar på slike artiklar, og i ein
kraftig appell i «Discipulus cornua
depositurus!» får vi høyra om dei

mange oppgåvene som ligg og ven-
tar på ungdom som vil noko.
Sluttorda lyder slik: «Vi treng ung-
dom som er viljug til å gå inn og ofra
seg for saker som er det verd. Og all
den tid stoda er som nå — at verda

er ein lidande hop som bed om offer
— er saka klar: Hjelp der nauda er
størst — men fort! For det har hast!»

Året etter, i 1949, har russeavis
som då ber namnet «Russe-skri-
ket» og har Alf Gjølme som redak-
tør, meir av humor og morostykke,
men til gjengjeld har credo-russen
fått endå meir plass i bladet. Jakob
Naadland var russeformann dette

året. Hans skreiv ein sterk fredsap-
pell der det mellom anna heiter:
«...Me er døypt av ei tid i krig og
naud. Me har fått dei fyrste ung-
domsåra våre mørklagde av hemn-
hug og våpenlarm. Me har sett
glade menneske gjeve livet sitt i

lidning for fridomsarven — og dermed
burde låma vår vera lagd. Me er ein
del av den unge veksande skogen
som på ny skal kle fjellet og vinna
freden og fridomen attende.» Han
avsluttar med orda: «Russen må
vera ein levande ljofskafel i tida for
fred og fridom.»

Bladet har dikt som er fulle av ide-
alisme, som t. d. «Ungdom er vår»,
underskrive med A. R. T. Diktet slut-
tar med desse strofene:

*Så spenn da din kraftige rygg til et tak,
la kreftene brukes til Guds rikes sak.
Du tjener din neste og landet ved det.
Prøv skal du se!*

*Ja, la oss bruke vår ungdomstid riktig
og la oss forstå dette ene er viktig:
At høsten den blir etter slik som vi sår.
Og ungdom er vår.*

Men langt borte frå slike store tan-
kar må den ha vore som skreiv dik-
tet «Liknes-idyll. Betragtninger over
en lørdagskveld.» Vi følgjer poeten
til Folkets Hus og tek med nokre
vers frå diktet. Det kan vel vera at
nokon kvar kan kjenna seg att i det
tidsbiletet:

*Det lakker ut på kvelden
og humøret er på topp,
en glemmer alt det vrange
i en kjærlig tète à tète.*

*Da stormer brått på gulvet frem
en liten mannekropp,
som var han en magnet.*

Kvinesdal si første russeavis «Russ-At(t)om» kom ut i 1948 med motto «Ei blott til lyst».

Han fekte vilt med armene og gyver på en kar, det blir et hissig håndgemeng på Kvinesdalmaner. En krøllet liten trønder prøver med en passiar, det forsøk blir ham dyrekjøpt, han gjør det knapt ei mer!

Den lille krasse feide ender som seg hør og bør i glede og forsoning på en flaske femogfjor, skjønt nesa litt på skjeve står og har en rød kulør, det hele endte kort og godt i trønder'ns disfavour.

Til ekte russefeiring høyrer også russerevy. Den første gjekk av stabelen i desember 1948. Dei kalla han for Rakettrevy, og flott som ein rakett vintermørket var han. Harald Kvalheim var både revyforfattar og

instruktør, og han fekk mykje skryt i avisene for begge delar. Dei vakre kulissene blei kalla ein kunstnerisk prestasjon, og skodespelarane var flinke, anten det var «Hawwai-piken Reidun som også rakk å være sigøynerpike, steppedanserinne og mye annet,» eller Ødegård som «spilte sine roller meget godt,» eller Wee som «sang viser og steppet så han rev alle med seg.» Og «trekkspillvirtuosolen Holmseth var en opplevelse.» Flekkefjordsposten skreiv at «det var en helt igjennom skjønn og renselig revy».

Skryt fekk også revyen i 1951 «Det e'nte så nøde». Midt i revyen var det lagt inn ein einaktar, «Hundeleven», der Signe Gullestad spela hushjelp og fekk mykje ros for innsatsen. «Det er skuespillertalent i den jenta!» skreiv Flekkefjordsposten som dessutan meinte at med visa «Jomfruens klager» fram-



Karneval på "Bitteborg" vinteren 1951. Nokon av dei som var med er: Per Eiliv Moi (cowboy til venstre), Arthur Omre (sjøkaptein), Kjartan Hoem, Signe Gullestad, Sven Tjessem og Torun Ryen. Utlånt av Johannes Hamre.

ført av P. Moi og A. Stubhaug nådde revyen sitt klimaks, og den framføringa var aleine verd inngangsbilletten. Den musikalske del av revyen stod Henko, Kalle & Co for, og det gjorde dei «til alles tilfredsstillelse.»

Motbakkar

1951 var toppåret for skulen. Bygningane blei moderniserte og utvida, og aldri før hadde så mange elevar funne vegen til skulen. Kvart einaste fylke i landet var representert. Frå dei tre nordlegaste fylka kom det 20 elevar. Lærarkreftene var gode. Framtida såg så lys ut.

Men alt året etter, 11. juni 1952, stod det ei overskrift i Fædrelandsvennen som sette støkk i bygdefolket: «Sørlandets gymnas i Kvinesdal tek ikkje opp elevar i haust.» I ingressen til artikkelen heiter det:

«Departementet har vendt kritiske augo mot Sørlandets gymnas i Kvinesdal. Det er alt nå på det reine at det blir store innskrenkingar til hausten og venteleg ikkje opptatt nye elevar. Om gymnaset får lov til å halde fram med eit redusert elevtal, vil tida avklåre.»

Kvifor var departementet blitt så kritisk mot skulen? Det kjem ikkje fram av artikkelen, men det er ei kjent sak at ein del av elevane hadde vore innblanda i ei lei jukse-sak året før. Nokre av dei hadde ved nattetid kome seg inn på kontoret og fått tak i eksamensoppgåvene og delt dei med andre. Først ut på hausten «sprakk» saka, og fleire studentar blei sende heim frå universitet og høgskular. Det kan vel vera at dette var ein grunn til at skulen nå blei gått etter i saumane.

Kvina-Russen lager Russe-revy 1951 :

Det e'nte så nøde

Premiere i Folkets Hus, Kvinesdal fredag 13. kl. 20

Forestilling lørdag 14. kl. 20

Billetter à kr. 3 fåes hos Magne Egeland, Liknes og ved inngangen.

I Lyngdal

forestilling onsdag 11. kl. 20.

Dans - Dans

etter alle forestillinger.



Annonse i Flekkefjordsposten for russerevyen «Det e'nte så nøde». 1951.

Skolen som har elever fra hvert eneste fylke i landet

Til og med samer er representert ved Sørlandets Gymnas og Realskole i Kvinesdal

Sørlandets gymnas i Kvinesdal tek ikkje opp elevar i haust

Et vonbrot om gymnaset skal måtte slutte, uttalar ordførar Tønnes Oksefjell

Så såg ein at bygningane var ikkje tilfredsstillande til ein så stor elevmasse.

Dessutan var skulen i økonomiske vanskar. Det var ikkje lett å få budsjettet i jamvekt når lærarlønene steig kraftig og skulepengane var dei same som før.

Styresmaktene var ikkje særleg glad i privatskular. Gymnaset fekk ikkje statsstønad, men Kvinesdal kommune var svært imøtekomande og gav årlege tilskott. Det steig dette året frå 19,000 til 22,000 kr og var eit uttrykk for at Kvinesdal kommune såg med velvilje på gymnaset og ikkje ville missa det.

«Det var sørgeleg om Sørlandets gymnas måtte slutte, eit stort vonbrot for Flikeid som har lagt ned så mykje arbeid her, og eit like stort vonbrot for bygda,» sa ordførar Tønnes Oksefjell og heldt fram: «Eg skjønar ikkje kvifor departementet skal pirke bort i gymnaset. Det har gjennom mange år synt at elevane her står på høgde med dei som går

ut frå andre gymnas. Heller ikkje skjønar eg at det er nokon grunn for at eit gymnas ikkje må vera i ei landsbygd. At det skal vera så mykje betre å søke eit gymnas som ligg i byen, er ikkje mitt syn på saka. Men at departementet har hatt ein rev bak øyra når det galdt Sørlandets gymnas fekk vi prov for alt i fjor. Kommunen ville ha trygda med 20,000 kr for eit lån til skulen, men det fekk vi ikkje lov til.»

Ved skulestart om hausten starta skulen opp med kring 100 elevar, under halvparten av det som hadde vore vanleg elevtal.

Til Canada

Edvin Flikeid sine skuleinteresser strekte seg langt utover landegrensene. Alt i 1938 gjorde han studiereiser til Tyskland, Tsjekkoslovakia og Østerrike, og i 1950 reiste han til Belgia og Italia for å studera skuletellet der. Men nå var det ei sak som blei endå viktigare for han. Etter krigen fekk vi i Europa mange leirar for

To overskrifter i Fædrelandsvennen. Den første frå 30. oktober 1951. Skulen har fullt opp med elevar, og avisa gjer eit nummer av at «til og med samer er representert.» Den andre er frå 11. juni 1952. Nedleggingsspøkelset trugar.

såkalla «displaced persons», flyktningar eller folk som var utviste eller fordrivne. Levekåra og framtidsutsiktene deira opptok han mykje, og i 1952 føretok han ei reise til Tyskland og besøkte fleire slike leirar. Han kom seinare til å bruka mykje energi i arbeidet for flyktningar.

Det blei likevel i ein annan verdsdel og for ei anna folkegruppe som på ein måte hadde falle utanfor at han kom til å bruka si arbeidskraft dei nærmaste åra. Kvinesdal og bygdene i distriktet hadde mykje samkvem med Amerika, så det var ikkje rart at Flikeid interesserte seg for folket der. Men måten europearane hadde fare fram mot indianarane på var lite ærefull. Vi hadde ei gjeld å betala. Flikeid fekk spesiell interesse for Canada, og då det blei klart at skulen hans i Kvinesdal bare kunne halda fram med svært redusert drift, bestemte han seg for å bryta opp og dra over dit. Det var i 1953 at han blei tilsett av den canadiske staten for å driva ein pensjonatskule for indianarar i Moosonee inst i Hudsonbukta.

Slutt

I Kvinesdal var Anna Flikeid igjen for å ta seg av skulen. Hausten 1953 blei det tatt opp bare ein real-

skuleklasse og ein gymnasklasse. Begge klassane var toårige, og frå nå av skulle ein bare ta opp elevar annakvart år. Alle faste lærarane hadde slutta, men to nye blei tilsett, Louis Støve og B. Røste, og i tillegg hadde ein timelærarane Bernhard Rudjord, Sonja Moi, Teodor Motland og Gerda Lindeland.

Men det blei med eitt år med denne reduserte ordninga. Ut på vinteren var det klart at ved skule-slutt sommaren 1954 var det òg slutt med Sørlandets gymnas og realskole. Realskuleklassen heldt fram i kommunal regi med Støve som rektor, gymnasiastane måtte finna seg skuleplass på andre gymnas.



Edvin og Anna Flikeid på europareise våren 1950. Foto utlånt av Karin Flikeid.

Anna Flikeid reiste saman med barna til Moosonee og tok del i mannen sitt arbeid. Seinare flytta familien til staten Alberta lenger vest i Canada for å driva eit liknande arbeid der. Kontordama på skulen, Møyfrid Aamodt, var òg med til Canada.

Ein vinterdag i 1958 gol den raude hanen. Det var kaldt og det var mykje snø. Eit tineapparat hadde stått på for å tina opp frosne røyr, og ein meiner at det var det som var årsak til brannen. Det var ikkje brøyta fram til bygningen, så det blei problem med å få brannbilen heilt fram. Det meste av Bitteborg brann ned. Den øvre enden, der kontor og bustad var, blei seinare restaurert slik at det gjekk an å bu der.


Dei brannskadde restane av skulearkivet er plassert på Statsarkivet i Kristiansand. Det største personlege tapet for Flikeid var nok at den store boksamlinga hans gjekk opp i flammor. Han kom heim etter brannen for å ta seg av oppgjeret. Året etter kom resten av familien heim frå Canada. Dei blei buande nokre

år i Kvinesdal. Bitten gjekk på real-skulen der. Edvin Flikeid engasjerte seg sterkt i arbeidet for flyktningehjelpa.

Men så flytta familien til Oslo der både Edvin og Anna Flikeid arbeidde i den vidaregåande skulen. Han måtte snart trappa ned på grunn av hjartetrebber. I 1981 døydde Edvin Flikeid. Anna døydde ti år seinare. Dei er begge gravlagd på Tjørsvåg i Flekkefjord.

Kjelder

- Avisartiklar frå «Agder», «Flekkefjordsposten», «Fædrelandsvennen» og «Christiansands Tidene.»
- Russeavisene «Russ-At(t)om» (1948) og «Russe-skriket» (1949)
- Frå det brannskadde skulearkivet (på Statsarkivet) har eg henta nokre opplysningar frå tida før skulen kom til Kvinesdal. Skulearkivet er elles bandlagt fram til 2014.
- Samtalar med og brev frå Karin Elisabeth Flikeid.
- Samtalar med og brev frå Else Marie Flikeid
- Jakob Naadland har lånt ut si fotosamling frå skuletida i Kvinesdal. Den er tilrettelagt av Jakob Olimstad som og har samla opplysningar om bileta.



Ring oss
for timebestilling –
Telefon 38 35 15 55

- frisør for hele familien -
2. etg. Nico Butikkcenter, Kvinesdal
Inneh. Gunn Omland og Mary Ann Nilsen

Ungdomstid i Kvinesdal

Av Aril Edvardsen

Min barndomstid i Kvinesdal under den 2. verdenskrig, og de nærmeste etterkrigsårene, var gode år, tross trange tider med rasjonering og nazistenes okkupasjon.

Når jeg her på oppfordring fra redaksjonen i Kvinesdal Historielag skal skrive om minner fra ungdomstiden, gjelder dette årene mellom 1950–1956. Det blir nok noe mye personlig, for en ungdom registrerer mest hva man er med på selv.

Kvinesdal var en god bygd å vokse opp i for oss ungdommer. Det fantes få problem. Ingen narkotika. Ingen stoffmisbrukere. Hjem som gikk i oppløsning, var utrolig sjeldent, sammenlignet med nåtiden. Våre foreldre var våre helter, som holdt sammen i tykt og tynt, til tross for litt uvær med krangel. Våre foreldre Astri og Kåre Edvardsen, Samuel og Cecilie Åmot, og deres venner og naboer, Torvald og Gunda Kvinlog, Magne og Solveig Egeland, Anstein og Trine Moi, og mange andre var lysende eksempler på livslangt ekteskap og trofasthet.

Det fantes nok litt bråk og helgefyll utenfor Folkets Hus på lørdagene, men det var helst blant dem som ikke kunne danse. Min far, Kåre Edvardsen, var klokke i kirka, og en av lederne på bedehuset, og likte

ikke at vi gikk på kino eller dans, selv om han godtok det etter at jeg ble konfirmert.

Det fantes to voksne personer i Kvinesdal som var idealister og interesserte seg for å ta vare på ungdommen, og holde dem borte fra alkohol og ungdomsproblem som vi hørte om fra storbyene. Disse to var Alvilde Åse og Tobias Vik.

Alvilde Åse var bestyrerinne på telefonsentralen i Neset, og visste siste nytt, og alt om alle. Hun var et kirke- og bedehusmenneske, gløddende speider, og leder av Godtemplarlosjen sammen med Selmer Unhammer. Alvilde lærte også at pardans var synd, men vi fikk lov til å drive med folkeviseleik en kveld i uka på losjen. De fleste unge i Liknesområdet møtte opp, og av og til fikk vi undervisning av Knut Gjøvik fra Feda.

Hver kveld da "leikarringen" nærmet seg slutten, syklet Alvilde hjem etter skurebøtta for at vi skulle gjøre lokalet rent etter oss. Straks hun var borte, startet vi dansemusikken, og danset tango, vals og foxtrot, mens én holdt utkikk for å si fra når Alvilde kom tilbake. Da stoppet dansen.

Tobikas Vik var en gløddende Arbeiderpartimann. Noen kalte han endog feilaktig for kommunist. Han



AUFs landsleir på Utøya 1953. Tredje rekke: nr. 1 fra venstre: Aril Edvardsen, nr. 5 fra høyre Arnold Sandvand.

drev bakeri i Liknes, og vi var noen utvalgte unge som stadig var innom bakeriet og hørte på hans idealisme.

Tobias Vik syntes nok at det var for mye hykleri blant enkelte kristne i Kvinesdal, men midt i alt var han en moralist og arbeidsmann, som ville holde ungdommen borte fra "de gale veier". Her lignet han på mange av de gamle Arbeiderpartikjempene, så som Einar Gerhardsen, som lignet en pietist, som verken røkte eller drakk.

Tobias Vik hadde den tro at ved å få ungdommen med i Arbeiderungdomslaget, AUF, med sentrum på Folkets Hus, ville de unngå ungdomsproblemer med rus og drikk. Derfor var han en pådriver bak AUF.

Sammen med Tobias Viks barnebarn, Arnold Sandvand, som også var min nærmeste venn i ungdomstiden, var jeg med i AUFs ledelse. Arnold Sandvand ble først formann, deretter overtok jeg. Vi har beholdt dette vennskapet til i dag.

Arnold og jeg deltok på AUF landsmøtet på Utøya i Tyrifjorden. Her møtte vi AP-ledelsen med Einar Gerhardsen i spissen, og de senere unge AP-ledere som Reulf Steen etc. Sommerleiren på Utøya var en opplevelse for oss to Kvinesdalsgutter. Her var det både lek og alvor. Om kveldene var det dans, og jeg danset flere ganger med fru Werna Gerhardsen som likte å danse, noe hennes "pietistiske" mann Einar ikke kunne. Jeg deltok med sang på

noen av arrangementene, og havnet for første gang i Oslo-avisene der jeg feilaktig ble kalt "en ny Prøysen".

AUF arrangementene på Folkets Hus i Kvinesdal, med dansekvelder og revykvelder ble et samlingssted for bygdas unge. Politikk betydde ikke mye. Ungdommen samlet seg der for å ha det gøy, mellom hverdagens skolegang og jobb.

Ved siden av å være formann i AUF, spilte jeg også gitar og var "Cowboy-sanger". Jeg vant flere store amatørkonkurranser på Sørlandet, også en som ble holdt på den nye skoleplassen i Kvinesdal under skolekorpsets landsstevne i 1955. Laila Hansen, datter til Harald og Ruth Hansen, som var flink til å synge, vant også en amatørkonkurranse der jeg ble nummer to.

Jeg følte meg stolt som Kvinesdøl, da jeg sang for 5000 under Sørlandets Store Sommershow i Farsund, og mitt navn stod med store bokstaver sammen med Lasse Kolstad og flere av Norges mest berømte artister fra Oslo, mens andre lokale sangere fra Vest-Agder stod med liten skrift nederst.

Under NRKs store talentkonkurranse i Fjellparken i Flekkefjord, ledet av NRKs Julius Haugen, ble jeg uttatt til å representere Vest-Agder i finalen. Men det ble intet gjennombrudd for meg som sanger,

for jeg ble senere slått av Kirsti Sparboe. Hun ble berømt og jeg ble "predikant".

Under hele ungdomstiden var elevene og konfirmantene fra min årgang gode venner. Selv om Arnold Sandvand og den ett år yngre Ingebret Egeland, var mine nærmeste venner, var jeg ofte sammen med John Halvard Åmot, Leif Hunsbedt, Jan Helge Fladmark og Jan Rødland. Johan Aril Årli og jeg byttet og delte endog tyggegummene vi tygde på, like etter krigen. Dagfinn Jerstad var også en grei kar, men Faret lå den gang noe langt borte.

Vi holdt oss også mye på



Tobias Vik taler ved Minnestøtta 1.mai 1971. (Fra Agder)




AUF-revy på Folkets Hus. Fra venstre: Jan Hærum, Laila Hansen, Aril Edvardsen, Tordis og Georg Løvstad.

Hansen's Kafe, der mange var samlet og hadde det hyggelig med bestyrerinnen Tomine Hansen og døtrene Alma, Alfhild og Marie. Der var det god ertesuppe og gode komper. Kaféen var som vårt andre hjem.


Arnold og jeg, ble som ledere i AUF, ekstra populære blant jentene. Når vi sier dette i dag, hevder våre koner at nå er vi blitt gamle innbilske gubber.

Når vi hadde dans på AUF møtene måtte man være medlem



AUF-revy og sketjsen: Tollerne. Fra venstre: Jan Rødland, Arnold Sandvand og Georg Løvstad.

Cowboy-sangeren Aril 1955.



for å komme inn. Derfor stengte vi dørene på Folkets Hus for en del gutter fra Fjotland. Kari hevdet av vi gjorde dette for ikke å få konkurranse om jentene.

Men når AUF arrangerte offentlige dansefester på lørdagene var disse selvsagt åpne for alle. Med min gitar var jeg med i danseorkesteret, som spilte til dans på disse festene og alle de andre dansefestene. Mannskapet i orkesteret skiftet noe, men jeg spilte ofte sammen med Gunnar Øiumshaugen, trekkspill, og noen ganger med Gudmund Træland, saksofon.

Under disse offentlige dansefestene krevde politiet ordensvakter. Her gjorde særlig Tønnes Moi, Valdemar Rødland og Arthur Ege-land, kalt Møkkas, en god jobb. En sjelden gang opplevde vi "rester" etter den tidligere slagsmålstiden. Noen som ikke kunne danse, stod ved doene bak Folkets Hus og drakk, til de fikk mot til å gå inn og se på damene.


Jeg husker en gang at noen begynte og slåss på dansegulvet, så etter hvert alle som prøvde å skille kamphanene også begynte og slåss. Til slutt slåss hele dansegulvet, og alle damene hoppet opp på plattformen og søkte ly, så vi ikke kunne spille. Da kom Tønnes Moi i full fart og ropte: Spill! Spill, ellers blir det helt kaos! Og vi spilte midt i

lurvelevenet til Tønnes og ordensvaktene fikk stanset kampen.

Men AUF arrangerte også revyer både i Kvinesdal og Knaben. Tobias Vik var med og instruerte, og vi spilte sketsjer og var "sangartister".

Laila Hansen, som er datter til Harald og Ruth Hansen, var en dyktig sangerinne, og Jan Rødland, som dessverre døde alt for tidlig, var en dyktig skuespiller. Jan hadde også "draget" på jentene.

Kari og jeg hadde vært gode venner siden vi var 8 år, da hun flyttet fra Netland til Åmot. Men i 1955 ble det alvor. Vi var sammen dag og natt, litt for mye, så vi ble nødt til å gifte oss 16.mai 1956. Vi ble bygdas skandale for vi var bare 17 år, og måtte søke "Kongen" for å kunne gifte oss, men våre foreldre gav oss en fantastisk støtte. "Heldigvis" fikk vi "støtte" av Bjørg og Ansgar



"Fantefest" på Folkets Hus. Sittende fra venstre: Turid Sandvand, Willy Sachs, Aril Edvardsen, Kirsten Åmot (nå Håland).

Nordås som også giftet seg veldig unge like før oss. (Men begge våre to ekteskap har vart i alle år).

Den 27. oktober 1956 begynte "eventyret" i vårt liv. Den uken var jeg i Flekkefjord, fordi Kari lå på sykehuset og hadde født vår første datter Tove Liz, den 22. oktober.

Den uka møtte jeg en mann, som snudde opp-ned på mitt liv. Mange sa at nå har Aril blitt kristen. Men for meg er troen ikke verken kristendom, sjelesorg eller kirke, bedehus og Sarons Dal, men fellesskap med **en person** som heter Jesus av Nasaret, som også lever i dag.

*Velkommen til hyggelig handel
m/egen importavdeling*

Tonning & Egeland Kvinesdal a/s

Telefon: 38 35 08 68

Storflaumen 1929

Av Jan Helge Fladmark

Opp gjennom tidene har Storåna og Littleåna synt musklar. Før Kvina blei overført til Sira, i 1968, var store vår- og haustflaumar noko ein måtte leva med. Om våren var så vel snøsmelting som isgang årsaka til flaumane. Når isen blei broten opp av flaumvatnet hopa han seg ofte opp og laga store demningar. Då fløynde vatnet over breiddene og laga vanskar for både folk og fe. Om hausten var det "himmelens sluser" som åpna seg og sytte for at det ofte ikkje var til å koma seg fram.

I oppveksten hørde eg folk prata om dei store flaumane som hadde vore ei tid tilbake, men eg brydde meg ikkje større om det.

Det var då eg var i Kvinesdal og intervjuar dei som hadde opplevd brannen i Neset i 1932, at eg fekk høyra ein god del om flaumane i 1929 og 1931. Eg nytta høvet til også å få med om dette på dei opptaka eg gjorde om brannen.

Då eg hadde levert frå meg manuskriptet om brannen sette eg meg ned for å høyra på dei opptaka eg hadde gjort om flaumane. Det var då eg bestemte meg for at dette måtte også andre få høyra om.

I sommar og i haust har eg hatt fem turar til Kvinesdal og intervjuar folk som opplevde flaumane i 1929

og 1931. Når det gjeld Storåna, eller Kvina som ho heiter offisielt, har eg intervjuar folk langs vassdraget frå Gunstensli og til Fedafjorden.

For Littleåna sitt vedkomande intervjuar eg folk frå Audalstøl, Ytre Haugland, Gjemlestad, Jerstad, Jerdal og Åmot.

Det var ein god del dramatisk og spenning i det eg blei fortald under desse intervjuar.

For å få litt meir "kjøt på beinet" før eg sette i gong, vende eg meg til Norges vassdrags- og energidirektorat med spørsmål om dei kunne hjelpa meg. Og spør om eg fekk hjelp! Dagen etter at eg ba om hjelp fekk eg på internett eit langt svar frå hydrolog **Lars Andreas Roald** hos NVE. Han skriv det slik:

"Kvina ligger i overgangssonen mellom Sørlandet og Rogaland og påvirkes av nedbørsområder med hovedtyngde så vel østover som vestover. Regnflommer med hovedtyngde fra Ryfylke og nordover, som flommen 26.11.1940 kan slå inn høyt oppe i Sira, men ikke i Kvina. De store flommene i vassdraget skyldes i hovedsak sterk nedbør og inntreier oftest på senhøsten, selv om det finnes vårflokker som når opp mellom de større flommene, som i 1925. I Kvina er gjerne disse flom-

mene kortvarige. NVE har lengre serier med vannstands- og vannføringsdata fra fire stasjoner i vassdraget. Stasjonene er påvirket av reguleringer fra 1926 av med flere tilleggsreguleringer, den siste gjennom Sira- Kvina-reguleringen i 1960-årene. Reguleringsinngrep kan medføre at flomstørrelsene endres som en følge av dempning i oppstrømsmagasiner og overføring-er inn eller ut av vassdraget.”

Vidare skriv han:

”Kvina består av to grener: Storåni og Litlåni. I Storåni har vi data ved 25,5 Rafoss (1124 km²) med data fra 1911 til 2004, men med brudd i perioden 1926 – 1934 og 1967 – 1970. Like ved Rafoss har vi data ved 25,4 Røynestad bru (1135 km²) fra 1915 til 1935. Høyere oppe i Storåni har vi data ved 25,3 Netland (896 km³) fra 1915 til 1960. I Litlåni har vi data fra 25,8 Mygland (46,6 km²) fra 1931. Vi har i tillegg data fra 25,7 Refsti (190 km²) i Fedaelva vest for Fedafjorden fra 1898 til 2003.

Meteorologisk institutt (met.no) har drevet nedbørsstasjoner ved Risnes i Fjotland sidan 1895. I tillegg finnes det kortere nedbørsr-serier bla. ved Rafoss og Helle.”

Så fylgjer ein kronologisk oversikt over utvalde flaumar i Storåna og Litleåna.

Om dette skriv Lars Andreas Roald vidare:

”Siden Kvina er strekt påvirket av reguleringer vil senere års flommer være betydelig lavere enn tidligere i

seriene da reguleringsgraden var liten. Refsti ser ut til å være moderat påvirket av reguleringer gjennom hele observasjonsperioden. Der var flommen 3/12 1992 den største i hele dataserien; litt større enn flommen i 1929. Denne flommen var også den største i serien ved Mygland i Litleåni. Flomtoppen der var betydelig større enn i 1931.

Flommen 25/10 1929 er den største flommen vi har i våre måleserier i Kvina, med unntak av Mygland der målingene startet i 1931. Den rangerer som den største eller nest største flommen fra 1896 til i dag i en region som strekker seg fra Mandalselva i øst til Bjerkreimsvassdraget i vest. Det var langvarig regnvær i hele oktober fram til 23/10 da det satte inn med skybrudd. Om morgenen 24/10 og 25/10 ble det målt 51 mm og 76 mm på Risnes, 45,7 og 111,4 på Espeland på heia og 55 og 82,9 mm i Bakke. I hele oktober falt det 611 mm på Espeland på heia, 484 mm på Risnes og 534 mm i Bakke. Området med sterk nedbør strakte seg fra Valle i Setesdal til Oppstryn i Nordfjord, særlig i området nær kysten. Det var ikke snø i vassdraget i oktober.

Flommen 4-5/11-1931 rangerer som den nest største eller tredje største flommen i samme region som 1929- flommen. Flomstørrelsen var klart mindre enn i 1929. Denne flommen skyldtes også intens nedbør i form av regn fra Otra i øst til Nordhordaland i vest også med

hovedtyngden nær kysten. Om morgenen den 4/11 og 5/11 ble det målt 74,5 og 32,5 mm på Espeland ved Lygna, **(NB: Dette er Espeland på Heia der vatnet renn ut i Møska, som seinare endar i Lygna)**, 71 og 47 mm på Risnes og 101,6 og 39,9 mm i Bakke. Det var litt snø høyt oppe i vassdraget 1/11, men denne forsvant raskt. I en sideelv til Bjerkreimselva var det store isdammer som forårsaket elvebrudd og betydelig nedauring av jordbruksmark nær elva, og det kan også ha vært et problem ved andre elver i regionen.

Ved Refsti var det en storflom 3 /11 1898 som nok også rammet Kvina. Det skyldtes også kraftig regnvær. Om morgenen 2/11 ble det målt 135,5 mm nedbør i Bakke og 105 mm nedbør på Risnes. Denne flommen var antagelig større enn den i 1931.

På Mygland var det større regnflommer enn i 1931: 26/9 1975 og 16/10 1987. Den siste flommen var ledsaget av stormflo i Oslofjorden .”

Så langt Lars Andreas Roald.

Kva med vassføringa i Storåna på flaumdagane? Som vedlegg frå NVE fylgde det utskrifter frå vassføringa på Netland og Røynestad bru. På Netland var vassføringa 23.oktober 1929 69,10 m³/s. Dagen etter hadde vassføringa auka til 241,05 m³/s. Den 25.oktober var vassføringa 536,59 m³/s. Til samanlikning var den største vassføringa same staden den 4.november 1931 345,9 m³/s. Lenger nede, ved Røynestad

bru, auka vassføringa dei tre same dagane frå 88,43 til 292,06 og siste dagen, hald dykk fast kjære lesarar, til **1147,11 m³/s!!!** Den 4. november 1931 var største vassføringa same staden 841 m³/s.

Det er ikkje til å undrast over at folk framleis hugsar så godt denne storflaumen.

Etter at Kvina blei overført til Sira har vassføringa aldri nådd opp til rekorden i 1929. Når det blir hevda at det var større flaumar i 1975 og 1983 er ikkje dette rett. Årsaka til at vatnet steig høgare då var naturinngrepa i åna. Tersklar og andre menneskeskapte endringar fekk åna til å stiga høgare enn i 1929, men vassføringa var mindre enn den gongen!

Frå **Ivar Skregelid**, hydrolog ved Sira-Kvina kraftselskap, har eg fått desse opplysningane :

”Under flommene i 1975 og 1983 ble store mengder vann ledet fra Homstølvann gjennom Tonstad kraftverk og førte derfor til reduksjon av flommen videre nedover Kvina. Mens vannføringen var 1147,11 m³/s ved Røynestad bru i 1929 var vannføringen ved Stegemoen under høstflommen 25-26. september 1975 482,9 m³/s. Under høstflommen 1983 var vannføringen på det meste 19.oktober med 482,9 m³/s.”

Kommentar: Dette stadfestar at flaumen i 1929 var den største sidan målingane tok til.

Kva skreiv så avisane om denne hendinga? Eg fekk Kristiansand Folkebibliotek til å leiga mikrofilmar frå Nasjonalbiblioteket for år-

gangane 1929 og 1931 av lokalavisane Agder og Flekkefjordsposten.

Me tar føre oss Agder frå 4. november 1929. Der finn eg eit innlegg med overskrifta: "**Fra Kvinesheia. Veret og temperaturen i oktober måned.**" signert O.E. Og Kvinesheia var "Espeland på heia".

Her får me ei skildring av korleis veret var på Kvinesheia i flaummånaden oktober:

"De tre siste dager i september var det regn og nedbøren fortsatte inn i oktober – en regnperiode med mer eller mindre nedbør hvert døgn til den 16de. Kun 4 opholdsdager gjennom månedens løp. Største nedbør i et døgn den 24de – 111 mm. Antall nedbørsdager 27. Nedbør for hele måneden 610,9 mm. – den største nedbøren siden 1923.

Den 6te var den varmeste dag med 11 varmegrader. Den 31te viste laveste temperatur med 2,3 kuldegrader om morgenen.

Storm natt til 25de. 3 dager med haglbyger. Tåke den 14de. 4 dager tordenver.

Gressvollen holder sig forholdsvis grønn, men lauvtrærne er ribbet gjennom høststormen." Og så sluttar O.E. av meldinga med dette fine diktet:

*"Hausten hev me,vekk er blom og blad,
fuglesong ein høyrer ingjen stad.
Nei, til framand land dei reiste ut;
Audslegt er der kring den høge nut.
Skogen stend i lidi myrk og svart,*

*Burte er det liv som skein so bjart;
Alle tonar og den fagre song
Tagna hev for denne gong."
Kan det skildrast finare?*

Kven var så denne O.E.?

I bygdeboka til Ånen Årli finn me under Brynjeslekta namnet: Ole Tobias Espeland. Han var eldste sonen og fekk garden. Han levde frå 1864 til 1932, og då han døydde blei Gunnar Hidreskog eigar. Han dreiv måling av nedbør for Meteorologisk Institutt til han døydde, og etterpå heldt Gunnar Hidreskog fram med målingane.

I tillegg til nedbørsmålingane samla Ole Tobias Espeland tilfang til slekts- og gardsoge i over 50 år. Han hadde også store diktergåver, og eldre folk minnest dikta hans i "Agder"i 1920- åra. Han let etter seg ein full kasse med brev, dikt, epistlar og anna som det er morosamt å lesa i dag.

Så går me tilbake i tida og les dette innlegget i Agder onsdag 23.oktober 1929, to dagar før flaumen var på det høgaste:

"FRÅ KVINESDAL

Regn og styggever hev det vore no i fleire vikor, so det hev vorte lite av utearbeide i haust.

Midt på lyse dagen kom ein oter gangande upp til garden Haugland. Ein 13 år gamal gut fekk sjå han. So fann han eit vedtre og slog oteren i hel. Det var umlag 60 meter frå Little Kvina.

I sumar fann ein mann på Haug-

land under nybrotsarbeid ei flintøks. Mannen vilde slå av litt jord og so bar det så uheppe til at han slog av eit stykke av flintøksi. Øksi låg 1 fot nedi jorda og ein 30 meter frå Kvina."

Signaturen til dette innlegget er: -**vald H.**

Kven var så denne " -vald H"?

Då eg spurde Enny Haugland, som var gift med Osvald Haugland, svar-te ho: Det kan godt vera at det var Osvald. Han var 18 år den gongen, og gjekk på Agder Folkehøgskule i Søgne. Han dreiv og skreiv ein del. Så utan at eg veit det sikkert, er det trolig at det kan ha vore han.

Med dette som bakgrunnsstoff kan me betre forstå dette som stod å lesa i Agder fredag 25.oktober 1929:

"STORFLAUM

Den største flaum på 30 år.

Det styrtregnet igår natt, det pøste ned i går, og det striregnet av og til også i natt.

Alt i går morges var det full flaum i bekker og å. I storelvne vokste vannføringen utover gårsdagen og nu i natt: nedbøren har gitt sig i formiddag, og forhåpentlig har også flommen kulminert.

Det er over 30 år siden vi hadde en slik flaum i Agders vestre dalfører.

På Liknes går elven like op til Nils Nilsens hus og der står vann i de fleste kjellere på vestsiden av

gaten. Littleåna går over breddene øst for kirken og renner nedover vol-len med kirken. Folk var oppe i hele natt. I flere hus flyttet beboerne ut. På Åmot-siden er flere hus omflytt av vann. Landhandleren på Rafoss har prammen liggende ved kram-boddøren. Brua på Stokkeland bar man stein på i går, for at den bedre skulle greie vanntrykket. Det ser ut til at de fleste bruene har greidd sig.

Også i Lyngdal er det stor flaum. Flatbygden ligner et hav. Ved Kvelland står vannet en halv fot over den nye veien.

Ved Handeland i Møskedalen er landeveien rast ut og kan ikke passeres. Rutebilene kjører til brudd-stedet fra begge sider og korresponderer.

Sirdalsvannet står i flaummål.

Fra Gyland meldes det om voldsom flaum. Veiene står til dels under vann. Brua over Råna mellom Fedog og Kongevollvannet er revet bort."

Mandag 28.oktober hadde Agder dette innlegget:

"STORFLAUMEN

Fra Kvinesdal meldes at flaumen i forrige uke gjorde atskillig skade på veiene, bl. a. v. Hunsbedtbrua og i Hauglandskleiva i Austerdalen. På Åseveien blev veidekket delvis skyllet vekk, og ved Sam Kloster har bekken tatt med sig en del jord. Biktjørnveien er ikke kjørendes, men daleveiene til Fjotland og til Netlandsnes var så vidt farbare lørdag.

Raset på Møskedalsveien blev straks utbedret, og det blev bare en kortvarig avbrekk i rutekjøringen.

Alle bruer står.

Flaumen er den største siden 1892; da stod vannet vel så høit og det år tok Litleåna med sig Åmot-brua, og flere kvernhus drev av.

I 1898 var det atter storflaum, dog ikke så voldsom som den i år.

I 1872 eller 73 var det også storflaum, men heller ikke da nådde vannet så høit som det gjorde i år.

Selv om det denne gang gikk av sig uten større skade på hus og jord, så har dog flaumen voldt adskillig mèn. Vannet har flere steder gått op i løene og mange kjellere blev fylt. Både høi, poteter og annet avl er derved skadet. Adskillig rotfrukt som ennu lå ute på åkeren blev revet med av flaumen. På en gård i Austerdalen utgjør tapet av rotfrukt ca. 2000 kg.

Veivesenets ferje som lå ved Faret blev tatt av elven. Den skal blevet reddet inn til Lervik.

Lensmann Egeland mener at skaden på veiene i Kvinesdal kan dreie sig om et par tusen kroner.

Skaden på avl og madvarer i uthus og kjellere og skaden på aker og innmark kan ikke beregnes ennu.

Men, det må vel sies at man er sluppet forholdsvis billig fra den plutselige og voldsomme flom".

Laurdag 26. oktober hadde Flekkefjordsposten eit innlegg med omlag same innhaldet. Men, frå

Sirdalsvatnet hadde dei denne skildringa:

"Sirdalsvandet er steget og fra Osen i Bakke meldes at vannet gaar like op til husene saa man maa ro for at komme op til landhandlerens butikk. En motorbaat som laa under overbygget baatstø, løftedes op i taket av vandet, som derpaa strømmet ind og fylte den. Styrehuset blev revet væk.

På en gaard, hvor kornet endnu stod ute, blev dette revet væk av flommen. Man fandt et kornbaand hist og her paa drift i strømmen."

Så langt avisskildringane om storflaumen i 1929.

Lars Aase hadde laurdag 13.juli 1974 eit innlegg i Fædrelandsvennen med denne overskrifta:

ELVA SOM IKKJE KVINER

Eit av emna er: **Storflaumane.**

Om desse skriv han slik: "Kvina kunne gå i flaum alle årstider, jamvel om sumaren. Sist i juli har vi merkedagane Mari Vassause, Jakob Våthatt og Olsokflaumen. Men, det kan gå ein generasjon mellom kvar storflaum. Dei kom anten som vårflaum under snøsmeltinga eller som haustflaum når det først hadde vore barfrost, sidan snø og til slutt kraftig regnver i fjellet. I slike høve fekk ein dobbelt opp. Siste storflaumane var i 1931, 1929 og 1891. Hans Gullestad slo ein spikar i veggen kvar gong flaumen nådde dit. Han vart 100 år og mintest fleire storflaumar.

Andreas O. Lervik har fortalt presten det slik : "Det året jeg leste for presten, 1891, var det stor flom. Elva gikk rundt kirkemuren. Flommen tok den gamle Aamodsbrua. Den før ud elva og da den kom til Kloster, trodde Hans at det var Dommedag. Slig alarm laga det da jernverket skrapte langs bunnen."

Vegvesenet planla ny bru. Eit kart frå 1902 viser kor stor flaumen i 1891 var. Kyrkja låg att på ei lita øy. Litleåna tok snarvegen over kyrkjegarden og kom att der kommunehuset og sparebanken nå ligg."

Kommentar: Medan største vassføringa ved Røynestadbrua under flaumen i 1891 var om lag 1000 m³/s var vassføringa under flaumen i 1929 1147,11 m³/s.

Kva så med dei som opplevde flaumen i 1929? Eg greidde å få tak i eldre folk som framleis hugsar storflaumen. I Storåna har eg skildringar frå Gunstensli i nord til osen i Fedafjorden. I Litleåna frå Ytre Haugland til Åmot.

Gunstensli i gamle Fjotland kommune. Her er det **Olav Hunsbedt**, fødd 1914, som fortel: "Eg var 15 år gamal då me hadde storflaumen. På sjølve Gunstensli hadde me ikkje noko problem. Veggen og husa låg så høgt over åna. Då var det verre på Lindefjell, som ligg så mykje lågare. Her gjekk vatnet lettare inn i hus og kjellarar.

Men, eg hugsar ein episode frå Stusviga, som ligg lenger oppover, tett attmed veggen. Her gjekk vatnet

fem tommer over veggen. Der fekk eg sjå eit syn som eg ikkje gløymer: Ein oter som vassa i vatnet for å koma seg over veggen!

Kor høgt over normal vannstand trur du det var ved Stusviga 25. oktober 1929?


Eg meiner det må ha vore mellom fem og seks meter høgare enn det var til vanleg.

Elles minnest eg turen med Knabenruta til Liknes då flaumen var på det høgaste.

Heile Liknes stod mest under vatn. Me kom greitt fram, sjølv om vatnet stod over Åmot-brua."

Frå Stakkeland har **Magnus Stakkeland**, fødd 1922, dette å fortelja om flaumen:

"Den gongen budde eg her på Stakkeland i det fyrste huset på haugen, det gamle. Me såg jo ikkje så mykje til flaumen i åna her frå Stakkeland, ettersom det var eit stykke unna. Men eg gjekk på skulen, og det var ei tøff historie. Me kom der bror min, eg og eit syskenbarn av meg. Me skulle over til Kvinlaug. Skulehuset var oppe i garden på Kvinlaug. Me kom der til den gamle veggen. Han gjekk fyrst opp på heia. Så hadde dei skote ut ei smal remse ned til brua. Det var ein smal kjerreveg som var så smal at det var så vidt ein hest og ei smal kjerre kunne koma seg fram. Så var det ein kabel på utsida som liksom skulle stytta til og hjelpe dersom ein skulle koma ut for nokon ting. Men du veit. Veggen gjekk ut og inn og ut



Dette er den brua Magnus Stakkeland fortalte om. Utlånt av Oskar Stakkeland.

og inn, medan kabelen gjekk beint. Så det var ikkje allstødt så mykje hjelp i den kabelen. Då me kom ned til brua fossa vatnet over ho. "Å godd au". Ho slo over heile brua. Som du sikkert veit, når det er slik flaum, slår vatnet mot brua. Så held ho opp ein blunk og trekkjer seg tilbake før ho kjem att. Slik er det det går føre seg når vatnet treff noko. Så stod me der og venta til bølga fuste over brua. Då var det ikke til å koma over. Me var såpass kloke at me stod der og venta til bølga hadde trukke seg tilbake og det var klart. Då sprang me i full fart over hengebrua, det belet vatnet var vekke. Så me kom oss over! Den gongen gjekk me to veker i strekk på skulen ettersom me delte lærar med Helle skule. Eg tykte det var ei dum ordning. Når me var heime så

lenge av gongen så gjorde du lek-sene og skulearbeidet som du skulle, veit du.

Kva med post og handling av vanlege matvarer?

Du veit. Flaumen heldt ikkje på meir enn to tre dagar og då kunne me like godt halda oss heime den stunda. Det var bare sånn.

På skulevegen merka du vel korleis vatnet etterkvart steig?

Ja. Nedforbi desse småfossane låg det eit lite gardsbruk som heitte Hagen. Det låg nokså nær åna. Eg hugsar mange gonger at Kvinavatnet gjekk heilt opp til huset. Og dei bandt pråmen i inngangsdøra på huset for å ha noko å koma seg fram. Så det var nokre tøffe flaumar før.

Hugsar du noko frå andre flaumar?

Ja, det gjer eg. Eg var meir vaksen den gongen, truleg 16–18 år. Det måtte vera rett før 1940. Onkelen min, som eigde denne garden, hadde mykje skog frå Stakkelandsfossen og inn til Haugland. Kvinlaugane, mellom anna Børild, eigde halve garden. Dei hadde kjøpt han og hadde skog innover lengst ånekanten. Dei hogde der og fløytt tømmeret i åna. Den gongen var Børild om lag 22–24 år gamal. Han var med på fløyting og skulle få laus nokre furustammar som hadde sett seg fast mellom nokre steinar. Så gjekk det ikke betre at han truleg blei truffen av ein av stokkane og ramla uti åna. Han fylgde med ho eit stykke og fekk dradd seg opp på ein liten fjellknatt rett over Stakkelandsfossen. Du kan sjå fossen frå brauna. Fossen er ikkje så stor, men han er lang. Truleg om lag 100 meter. Der fekk han som sagt dradd seg inn på ein bitte liten fjellnabbe rett ovanfor Stakkelandsfossen. Der sat han. Gjekk og stod, for det var ikkje rare plassen å røra seg på. Han måtte halda seg der til hjelpa kom. Me fekk budskap på Stakkeland om kva som hadde hend med han Børild, og sette i gong ein bergingsaksjon. Eg var sjølv med på det. Staden der Børild sat fast på fjellnabben låg omlag 300 – 400 meter frå der me hadde ein pråm. Båten blei sett opp i kjerre og så var det å spennast hesten føre. Det var ingen veg innover, så det gjekk over stокk og stein. Vel framme blei båten sett på åna, og så var det å ro over i den

strie straumen. Det var nifse greier, men det gjekk godt. Børild blei tatt om bord i båten og rodd over att til andre sida. Så då kom han seg seg vekk frå fjellnabben. Hadde ikkje Børild fått berga seg i land ovanfor fossen, ville han blitt dregen av den sterke straumen utfor fossen, og då hadde det ikkje vore filla att etter han. Men dette kan han Børild sikkert fortelja om."


Eg spurde Børild Kvinlaug om han ville fortelja sjølv, men han meinte det var greitt å bruka Magnus Stakkeland si skildring.

Så langt Magnus Stakkeland.

Det var ikkje einaste gongen han Børild ramla i åna. I "Mange bekker små ..." kan me lesa at han heldt på å drukna då han var fem år gamal. Han var med bestefaren, som fiska nedanfor Gaukesteinen. Bestefaren sat på eit skjer og då femårigen såg at han fekk fisk blei han så ivrig at han sprang utover på tømmerstokkane som låg klar til fløyting. Stokkane sveiv rundt, og Børild ramla i åna. Bestefaren såg ein arm ned gjennom straumen og sprang utover på stокkane. Mellom to stокkar dukka Børild opp akkurat der bestefaren sto slik at han fekk dratt han opp!

Frå Nere Kvinlaug har Børild Kvinlaug, fødd 1918, mange minne frå flaumen i 1929.:

"Det var helst om natta til 25. oktober det regna så fælt. Eg var ikkje så gamle karen då, så eg var ikkje



Flaum på Nere Kvinlaug.

Utlånt av Anna Asbjørnsen.

oppe og såg på. Men om morgonen då eg vakna stod vatnet over alle jorda der på Kvinlog. Eg hugsar at også Kvernhusvollen låg under vatn. Då me ville på garden og besøka dei så stod me på den eine sida og ropa: "Sett over", for dei måtte koma i pråmen for å få sett oss over til andre sida. Ettersom me ikkje hadde båt sjølv måtte me hois-ta på naboane for å bli sett over.

Eg veit då me var små så var det nokre "skoiarar" som fann på litt av kvart. Så veit du då me stod der langs åna og det ikkje var båt på eine sida ropa me "sett over". På skulen skulle me jo ikkje, så det var god tid. Me kunne stå der i ein time og ropa "sett over" utan at nokon hørde på. Me var galne mange gonger for at dei ikke hørde etter!

Når det gjeld kretturet så var jo

dei inne om nettene. Derfor var det ikkje noko problem flaumnatta då dei stod på båsen. Verre var det då dei skulle ha dei ut dagen etter. Då torde dei ikkje vassa i vatnet. Så då hadde me problem med det. Elles hugsar eg at vatnet stod så høgt at på ein av gardane måtte dei ro frå setehuset til floren for å få molka kyrne.

Det var ofte slik at flaumvatnet gjekk inn i husa. Mest var det kjellarane det gjekk ut over. Der stod mest alt under i vatn. Men, det kom også inn i sjøve huset. Der kom det inn i daglegstova, eller nyastova, som dei sa i den tida. Det kunne stå om lag 20–30 cm høgt. Det blei til vanleg ikkje så store skader. Litt vatnaskader. Elles hadde me jo tid til å få ut ting som stod i fare for å bli øydelagde. Når det galdt møbla var

mykje heimelaga så det var ikkje så farleg om dei blei våte.

Kva med å koma seg på skulen?

Det var på Helle eg gjekk på skulen. Me gledde oss kvar gong det var slike flaumar, for då slapp me å gå på skulen. Det kunne gå to eller tre dagar før me kunne gå til skulen att.

Var det nokon stad sett opp merke på kor høgt flaumen gjekk?

Ja, me hadde slike merke som blei sett opp. Det var alltid om hausten at flaumane kom, og då sette me merke i trea med ei øks for å visa kor høgt det hadde gått. Me skreiv også årstalet.

Blei det gjort større skadar etter slike flaumar?

Nei, ikkje som eg veit om. Det einaste måtte vera at flaumen tok med seg ein del jord etter at åkrane rett før hadde blitt pløya. Då var det noko av denne som flaumen drog med seg."

Frå Narvestad hugsar **Jens Narvestad**, fødd 1920, dette:

Heile jordet på andre sida låg under vatn. Dei rodde mellom husa og florane. Det var inga bru den gongen. Hovudvegen utanfor Narvestad gjekk under vatn. Skulen vår var Helle, og me kunne ikkje koma der ettersom vegen stod under vatn. Det gjekk ein dag eller to, så kunne me koma på skulen att.

På den andre sida av åna gjekk vatnet inn i i kjellarane i to av husa.

Når det galdt kretturet stod florane litt høgare oppe, så vatnet nådde

ikkje opp der. Derfor gjekk det ikkje inn i florane. Dyra var ikkje ute på den tida, så me hadde ikkje problem med dei.

Det var som regel ingen materielle skadar etter flaumane.

Frå Narvestad dreg me sørover til Rafoss.

Mellom Narvestad og Rafoss ligg Røynestadbrua. Det var her vassføringa 25. oktober var 1147,11 m³/s. Mellom Røynestad og Rafoss er det ingen målingar, men med alle dei til-siga som kjem frå bekkane mellom desse to stadane, er det sikkert at vassføringa har blitt ein god del større på **Rafoss**.

Korleis folk her opplevde storflaumen lar me **Albert Rafoss**, fødd 1913, fortelja om:

"Den dagen flaumen var på det høgaste gjekk vatnet over heile Lyding. Og den vegen som gjekk der nede var heilt overfløymd. Så dei måtte ro pråmane inn bak huset her nede og så oppunder den nye veien. På den gamle butikken til Olava Rafoss måtte dei bygga bru frå trappa og over på det me kalla Haugen. På den måten kunne me koma inn i butikken og handla. Der var tre trappetrinn, og alle dei var overfløymd. Olava hadde fortøyd pråmen inntil butikkdøra. Det var mest overfløymd alt som var. Den gongen budde eg i det gamle huset som stod ned forbi her. Vatnet kom ikkje så høgt opp som her, men det kom like under den nye vegen. Johan Svindland hadde hus som

stod der langs den gamle vegen og der nådde vatnet opp. Der var også det gamle skulehuset. Det overtok bedehuset då den nye skulen var ferdig. Elevane var frå mest heile Vesterdalen kan du seia. Dei frå Listingkleiva og til Eigebrokkja gjekk på skulen her på Rafoss. Og ungane veit du måtte gå på skulen om det var snøstorm, storm eller kva det var. Det var ingen skuleskyss å få den gongen, veit du. Den gamle vegen låg under vatn, men den nye var til å koma fram på.

Korleis var det med skuleungane frå Lyding? Kom dei fram?

Ja, men ikkje sjølve flaumdagen. Då var dei nok heime. Det var jo ingen veg den gongen, så det var å ro over åna.

Men, den flaumdagen, den rektige flaumdagen, var det forferdeleg mykje vatn i åna. I tillegg til den sterke straumen var det nokre forferdeleg høge bølge. Det var verre enn på havet. Det var ein som heitte Jørgen Lyding, son til Simon Lyding. Han gjekk og fekk pråm. Han budde ute i enden og inntil ein plass som heitte Lars i Lyding. Lars var gift med ei frå Løland. Så kom Jørgen roans øve åna. Somme tider kunne du bare sjå nogo a hovet hans. Det var slike frykteleg høge bølge veit du. Slik kom han roans og det såg skræmande ut. Mange snudde seg og torde ikkje sjå på. Bølgene slo slik mot båten at han seig nedover, men han kom alltid opp att av åna. Alle var redd for at pråmen skulle kantra. Dei trudde ikkje han ville

greia å koma seg over. Du kunne av og til sjå hovudet hans over bølgjene og av og til forsvant det heilt. Nokre gonger forsvant han heilt, men så kom han til synes igjen. Det var eit syn kan du tru. Men, over kom han og då var han bare sytten år. Han måtte over for å få kjøpt mat. Han var ikkje redd for noko den karen. Jørgen Lyding blei kalla "Ugga", for "han stormde åna". Han brydde seg ikkje om noko veit du. Han var frykteleg sterk i armene og var ikkje redd for noko.

Det var ingen trevekst innpå monen ved Rafossen. Det var staten sin eigendom. Då flaumen kom gjekk åna på innsida av Rafossen og kom ned att ved Løekilen. Alt var overfløymd veit du. Me kunne sitja her og sjå Rafossen, og det var eit syn. I dag er alt så attgrodd at du ikkje kan sjå han lenger. Lyden frå fossen i storflaumen var voldsom. Men Rafossen var også andre dagar i året vermeldar for folk heilt ut til Lista. Så langt unna kunne dei høyra fosseduren. "Når Rafossen durer blir det godt ver", sa dei. Og det slo til. Når vinddraget stod frå Rafossen mot Lista borga det for godt ver. Det var ingen andre fossar veit du som laga slik dur.

Kretturet var aldri i fare. Dei gjekk oppe i heia, langt unna flaumen.

Blei det gjort skader på hus?

Nei, men eg trur det gjekk ein del små løer på Narvestad. Slike som dei nytta til å ha høyet på uteslåtene i.

Folk her på Rafoss var meir inter-

essert i det kunne få plukka opp av ved som kom rekande i åna. Det fantest jo ikkje tre på Rafoss. Så kom det drivande inn til land og folk drog ut for å få fatt i det. Det kunne vera både ved og restar etter løer og slikt. Denne form for sanking blei kalla **Å REKSTA**.

På Lydingsmoen, der fossen er vidast, var det fem hus. Dei hadde ei ordning som kvart femte år gav dei rett til å ta veden som hadde drive i land.

Vedlaga stod ofte nær åna. Når flaumane kom tok dei med seg ved og anna heilt oppe frå Risnes. På ferda nedover blei veden reinslipt for bork og anna.

Etter å ha passert Rafossen blei ved og anna rekved slengd langt oppå land på Lydingsida. Der låg det og tørka. Seint på sommarstid var veden tørr. Då var det bare å ta han heim og dela han opp. Slik hadde det eine huset ved for eit heilt år, slik at dei slapp å hogga i skogen."

Neste stopp er **Træland**, som er neste garden mot Liknes.

Denne gongen er det **Hans T. Træland**, fødd 1921, som skal skildra korleis han opplevde flaumdagane i 1929:

"Eg budde på Træland nede ved åna, attmed fabrikkjen der i alle år heilt til kona døydde for fem år sidan. Aldri har flaumen vore større enn den i 1929. Eg var bare 8 år den gongen, men eg minnest godt flaumen. I Egenes, for eksempel,

måtte dei ro ungane til hengebrua. Dei kunne ikkje gå på vegen etter som han var overfløymd. I den tida hadde me ikkje støvlar til å vassa med, så me blei blaute på føtene. Der eg budde kom åna bare inntil vegen. Ho gjekk ikkje over. Men, eg minnest ennå at det for oss ungane var frykteleg moro å sjå dei forferdeleg store bølgjene som gjekk. Og så var det den øyna som ligg mot Egenes. Heile den ytre øyna låg under vatn. Etter at dei tok Kvina over i Sira er den litle åna som er att mest igjengrodd.

Var det noko dramatik i samband med flaumen? Kva med husa og Trælandsfos?

Nei, husa låg såpass høgt over åna at vatnet ikkje nådde opp. Om Trælandsfos var i drift under flaumen minnest eg ikkje. Det var jo slik at i den tida sveiv han av og til. Og så stod han ei stund. Det var sikkert ikkje så lett å vera der med massen, men eg veit ikkje. Eg trur helst han var i svev. Eg trur ikkje det var noko dramatisk knytta til flaumen. Vatnet gjekk jo i kanalen. At kanalen var noko stor kan henda, men det var jo luker som dei kunne regulera med.

Kva med å koma seg til skulen?

Det var greitt for oss å gå til skulen. Det var ingen problem. Me måtte gå på den nye vegen til skulen. Den gamle var overfløymd. Det eg minnest spesielt godt var ein episode. Vatnet gjekk heilt opp til kjellaren på skulehuset. Eg trur ikkje det var nokon plass som vatnet stod djupare på den gamle vegen enn

her. Så minnest eg det var ein elev som me spleisa på. Eg minnest ikkje om det var sju eller åtte øre. Så bretta han opp buksene og vassa ned til veggen. Om han var barbeint eller gjekk på skorne minnest eg ikkje. Eg vil tru det var 20 – 30 centimeter djupt der han vassa. Du kan tru han fekk ein stor sukkerpose for dei ørene han fekk for å ha vassa! Elles minnest eg butikken til Olava Rafoss, som låg rett ovanfor bede- huset. Skulle du handla der måtte du ro til butikken. Sjølv hadde ho for- tøyd pråmen sin inntil døra.”

Frå Træland er det ikkje langt styk- ket til **Egenes**. Her treff me **Inga Egenes**, fødd 1921 på Røynestad, saman med sonen **Samuel Egenes**, fødd 1948. Då Samuel vaks opp fekk han fortald om storflaumen i 1929:

”Rett bortanfor her ligg nabohuset som Elias Tønnessen Egenes eigde den gongen. Vatnet stod så høgt at det gjekk heilt inn til huset, og dei sa til meg at dei festa pråmen til stakitt- gjerdet under lia. Vatnet stod 1/2 meter over hagen. Likeeins fortalde dei meg at på øyna mot Træland der rant åna ut. Det var ikkje alt som stod under, men stort sett var mes- teparten overfløymd av vatn.

Det var ikkje einaste gongen åna fløymde over og kom inn over sletta og veggen. Eg har sjølv opplevd at vatnet har stått 1/2 meter over veggen. Elles har det vore dramatisk knytta til flaumane. Den 21. desem- ber 1957 tok åna hengebrua på Egenes. Då var vassføringa 558,5 m³/s. Det er den største vassføringa som har vore sidan storflaumane i 1929 og 1931. Den gongen stod

Her viser Samuel Egenes kor naboen festa båten i hagegjerdet.

Foto: Johannes Hamre



Litleåna - Aasulv! Storflaum. 24. - 25. okt. 1929

Frå Åmot 1929.

Utlånt av Inga Aamodt.

vatnet over Lyding-brua og Thoralf Rafoss, som kørde posten, kunne ikkje koma over den morgonen. Han måtte venta til seinare på dagen.”

GULLESTAD:

Her lukkast eg ikkje å finna nokon som opplevde storflaumen i 1929. Alle dei som levde den gongen er borte. Men, **Astrid Rodvelt** frå Faret, har minne frå Gullestad og det skal me få høyra meir om når me kjem til **Faret**.

ÅMOT:

Åmot er siste garden Storåna renn forbi før ho møter Litleåna ved Odden. Her lar me **Aasulv Aamot**, fødd 1922, fortelja:

”Ikkje langt unna huset vårt ligg **Skjenøyna**. Heile øyna stod under vatn og det gjekk langt oppover mot husa. Men, åna nådde ikkje opp til

oss. Det var eit imponerende syn å sjå dei store vassmengdene som forbi. Også Litleåna var stor. Saman fekk dei to elvane Liknes til å fløyma over. Eg minnest far min, Seval Aamot, kørde oss ungane til skulen med hest og langkjerra. Me var vel seks - sju ungar som sat bak på kjerra. Då me kom til Høyers Hotell rant vannet over alt. Då stoppa hes- ten opp og ville ikkje vidare. Han var ikkje ”hoga” til å gå over der. Men plutselig for han over der i full fart.

Blei det hesteskyss tilbake og?

Det hugsar eg faktisk ikkje. Det kan vera at vatnet hadde trukke seg såpass tilbake at me kunne koma oss heim aleine. Elles minnest eg at det låg ein pråm der. Han var der ikkje då far min kørde oss, men eg trur han kom litt seinare. Så det kan jo vera at det var med hjelp av denne me kom oss heim att.

Kva blei gjort då åna tok til å stiga?

Me ungane var svært interesserte i det som hende. Eg veit at lenger nede, ved husan til Martin Jerstad, blei det sett opp målepinnar. Det var pinnar som blei sett ned for å sjå korleis det steg etter kvart. Me måtte stadig setta nye pinnar ned. Så det var me svært interessert i. Eg minnest at åna gjekk temmelg langt opp ved Martin Jerstad. Hos "Gustav i Ræviga" gjekk åna langt oppover veggan. Så der var det bare å evakuera og koma seg ut. Likeeins minnest eg det gamle huset til Hans Gullestad ved Åmots-hølen. Også der stod vatnet langt oppetter husveggen. Det var jo slik at når Storåna blei veldig stor demde ho opp for Littleåna, slik at ho ikkje fekk slik fart som ho elles ville

hatt. Eg trur det mange gonger var grunnen til at vatnet fløynde over på Liknes. Når Storåna ble veldig stor, stengde ho på ein måte som gjorde at vatnet ikkje rant så fort ut av Littleåna og det fløynde over ved Høyers Hotell.

Var det mykje lyd å høyra frå åna?


Ikkje på sjølve Åmot, men ved Krågehølen buldra ho noko forskrekkeleg. Me borna var over alt for å sjå på storflaumen. Innover Vollan og til Krågehølen. Det blei ikkje mykje lesing på leksene i den tida, veit du."

På Åmot vaks også **Othelie Gotheim** opp. Ho blei fødd i 1925, og var bare fire år då det var storflaum i 1929. Derfor minnest ho ikkje noko om denne. Men, ho minnest ein flaum frå då ho gjekk på skulen i Neset. Då gjekk åna så høg at dei



Ved Høyers Hospits.

Utlånt av Kvinesdal Fotoklubb.



Spørsmål til - 20. 28. 1929

Frå Åmot 1929.

Utlånt av Inga Aamodt.

kunne gå over Åmotbrua, men då dei kom til Anna Høyer blei dei stoppa av vannmassane. Ho fortel: "Det rant stri bekk frå brukaret og over til Selmer Pedersen. Der var det ikkje til å koma fram, så me blei rodd til der Andreas Aamodt budde. Før me gjekk i land og kunne gå vidare til skulen. Me heldt oss inntil "kjørrgarden" der det var høgast. Eg minnest godt at me skuleungane sat i båt og blei rodd til skulen. Heime hos oss gjekk flaumen heilt opp til døra. Så kjellaren hos oss flaut. Då var det jordgolv i kjellaren, og du skulle ha sett korleis det såg ut etter flaumen. Så seinare støypte far golv. Der han skulle ha jordeepla støypte han opp. Og det same gjorde han for djupfrysaren og andre ting som stod utsett til slik at vatnet ikkje skulle øydelegja dei. Elles vil eg seia at me har

det greiaste vaskeromet eg veit om. Han støypte slik at når me tømmer ein balje går vatnet rett ut. Men, når det blir flaum må me ha ein ball i det holet dersom me vil hindra at vatnet kjem inn. Flaumen gjekk heilt opp til flordøra. I gjødselkjellaren flaut vatnet. Eg minnest me sette pinnar for å sjå kor høgt åna hadde gått. Det var også andre hus som var utsett i flaumane. Like bortanfor her låg eit lite hus i "Ræviga", som Unhammer eigde. Der budde Ida Willumsen eller "Bagar-Ida", mora til Lovise Unhammer. Ho fekk namnet fordi ho baka og selde. Vatnet gjekk oppunder golvet i stova, slik at ingen kunne bu der under flaumen. Innover mot Vollan gjekk flaumen mest bare over alle jorda.

Under ein seinare flaum skal ein av prestane ha uttalt: "Othelia kan